



Bilete: Leif Håkon Bosvik

**Til kommunestyret 30.11.23**

**Innspel til årsbudsjett 2024 og  
økonomiplan 2024-2027**

**Opne høyringar i utvala**

**Open høyring**  
**Utval for oppvekst og kultur**  
14.11.23 - kl. 17:00  
Påmelding

<b>Nr.</b>	<b>Organisasjon</b>	<b>Namn</b>	<b>Halda innlegg</b>	<b>Levert innlegg</b>
1.	Fagforbundet Stord Fitjar	HTV Øyvind Spissøy	Ja	Ja
2.	Utdanningsforbundet Skule	HTV Jonathan Gniste	Ja	Ja
3.	Utdanningsforbundet barnehage	Ragnhild Bratseth	Ja	Ja
4.	Stordbarnehagane	Sigfrid Leifsen	Ja	Ja
5.	Elevar ved Leirvik skule	Frida Stokken Salomonsen og Mille Kringeland Nygård, klasse 6 B	Ja	ja
6.	Foreldrerådet sitt arbeidsutval (FAU) Leirvik skule	Øyvind L. Storebø	Ja	Ja
7.	Stord Idrettsråd	Kjell Håvard Belsvik	Ja	Ja
8.	Foreldrerådet sitt arbeidsutval (FAU) ved Langeland skule	Rune Kjempenes	Ja	Ja
9.	Stord friidrett	Runar Øvrebø	Ja	Ja
10.	Idrettslaget Solid	Karl Olav Gravdal	Ja	Ja
11.	Utdanningsforbundet Nysæter ungdomsskule	Per Christian Rognli	Ja	Ja
12.	Foreldrerådet sitt arbeidsutval (FAU) Litlabø skule	Sondre Aas Selle	Ja	Ja
13.	Stiftinga 100 Dagar	Jostein Sydnes	Ja	Ja
14.	Elevrådet Langeland skule		Nei	Ja
15.	Venelaget for Stord Maritime Museum		Nei	Ja
16.	Venelaget for Gruo		Nei	Ja
17.	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne		Nei	Ja



Budsjettinnlegg høyringar.

Fagforbundet v/ HTV Øyvind Spissøy

Leiar, komite takk for at me får kome med vårt innlegg, dette setter me stor pris på, viktig å få fram korleis ståa er ute i kommunen, og kva som kjem av kommentarar til oss i forhold til konsekvensar av liggande budsjettforslag.

Fagforbundet ynskjer i dag å leggje fram same innlegg som me legg fram i alle komitear, då me er oppteken av at ein må sjå alle utfordringane når ein skal vera med på å leggja eit budsjett. Dette med å sjå heilheten er svært viktig.

Fagforbundet er som dåke sikkert allereie er klar over ikkje berre bekymra, men sterkt uroa for situasjonen ein har i RHO einingane, det er mangel på helsepersonell og det vil berre bli større utfordringar dei neste åra.

Ein ser vidare eit høgt sjukefråvær som påverkar arbeidsmiljø ute på avdelingane, men og mykje innleige av vikarar.

Arbeidspresset er stort og me har lokale tillitsvalte som er bekymra for korleis framtida skal bli. Etter kommune direktør sitt framlegg av budsjett forslag har me fått mange hendvingingar. Både av tillitsvalte og andre tilsette.

Innsparing på 30 millionar på rehabilitering, helse og omsorg er vanskeleg å sjå korleis ein skal klare. Me har brukarar ute i Stord Kommune som verkeleg treng den hjelp og støtte dei kan få. Fagforbundet tenkjer fyrst på Hamna Kontaktsenter og Lågterskel helsestasjon.

Dette er tiltak desse brukarane er heilt avhengige av. Kva skal ein ellers gjere? Kor skal ein opphalda seg? Ber dere politikara instendig om å finne midlar til å oppretthalda desse tiltaka. Det betyr alt for dei som bruker det.

Det var sterke historiar me fekk når me var på synfaring i førre veke.

Kommunedirektøren påpeikar i sitt framlegg at me står foran utfordringar i RHO med aukande eldre og mindre tilgang på arbeidskraft. Me må styrke denne sektoren og ikkje kutte. Ein har grunnbemanninglæra som er ein ulovfesta rett og som er tydeleg på at dersom ein brukar vikarar utover små periodar skal ein tilsette fleire. Eit tiltak må vera å sjå på vikarbudsjetten og bruke det til å auke grunnbemanning i fleire einingar og avdelingar.

Ved Stord Sjukeheim har Fagforbundet forstått at ein i budsjettforslaget ynskjer å sjå på å redusera nattevakt. Dette er eit heilt umogeleg kutt. Ein har endeleg fått ro og fått det til å fungera. Det er viktig å ikkje gjere om noko som endeleg fungerer godt. Me må ikkje risikera flukt frå yrket.

Det er i ny styringsplattform til koalisjonen blitt påpeika at ein ynskjer å gi private instansar tilgang til heimebaserte tenester. Fagforbundet er uroa over korleis dette vil påverka både tenester og arbeidsmiljøet i denne eininga. Me meina heilt klart at å drive tenestene våre sjølve er det beste, då har ein mogelegheit til å ha kontroll over både tilbod og dei tilsette sine arbeidsvilkår.

Etterspørsel etter heimebaserte tenester har auka dei siste åra i Stord Kommune, dette er ein følge av at det er for få institusjonsplassar. Fagforbundet ser at kommunedirektøren føreslår å auka budsjett, men auken ein legg opp til er det ein brukar i dag. Vedtakstimar er større enn den bemanninga ein har i eininga, heimebaserte må ta alle som kjem, ein kan ikkje sei nei. Det er røde tall i heimebaserte år difor bør ein auke enda meir enn det som er føreslått.

Me har mange helsefagarbeidarar som er dyktige og har god og lang kompetanse. Fagforbundet ber dere politikara leggja inn i budsjettet kompensasjon for å ta høgare utdanning, dette vil kunne gjere at helsefagarbeidaren kan ta sjukepleiar utdanning og få både jobb og kompensasjon under studiet. Refererer til Kvinnherad sin modell, ber dere sjå på denne. ( sjå vedlegg )

Å stenga bassenget ved rehabiliteringssenteret frå 2024 vil gje fleire utfordringar, det er 440 brukara som får terapibading, lovpålagt symjeopplæring, og 15 leigetakarar som brukar bassenget kvar veke, blant anna for å kunne stå i jobb sin.

Bassenget er eit viktig rehabilitering / folkehelseiltak i Stord kommune. (jf. Reforma «Bu trygt heime» og «Tid for handling» og demografisk utvikling). Fagforbundet meiner dette vil gje ei lita innsparing for eininga men auka utgifter på kort og lang sikt for andre deler av samfunnsøkonomien. Ber dere politikara å sjå på dette ein gang til.

Kommunedirektøren påpeikar i budsjettforslaget at ein skal sjå på skule og barnehage struktur i Stord Kommune. Slike store omstruktureringar vil krevje gode og trygge prosessar. Ein må sjå på alle mogelegheitane. Det er klart at når ein snakkar om å leggja ned ein skule vil dette skapa uro ute i organisasjonen for tilsette, og det som er heilt sikkert er at dette skapar stor uro

for føresette og elevane på dei ulike plassane som kan bli berørt. Det er viktig med gode og trygge prosessar i henhold til reglane i hovudavtalen, og ikkje minst tidleg og god informasjon ut i organisasjonen og dei partane som vil bli berørt.

Forslaget til kommunedirektør om trinnvis auke av hovudverneombud vil Fagforbundet stilla seg bak, det er viktig i ein så stor kommune som Stord å ha eit hovudverneombud i 100% stilling.

Å auka grunnbemanninga i barnehagen og alle andre avdelingar er eit overordna mål for Fagforbundet, me meiner at dette vil gje positiv verknad på sjukefråvær og betre arbeidsmiljø. i alle einingane våre.

Føreslege reduksjon ved eining for kultur vil få fleire uheldige konsekvensar for eininga. Kutt for lag og organisasjonar, kulturskulen, biblioteket på Nysæter og måndags og onsdags klubben vil ha store konsekvensar for dei som brukar tilbodet. Fagforbundet meiner at nedlegging av biblioteket på Nysæter Ungdomsskule ikkje er eit godt sparetiltak. Dette er ein viktig arena for ungdomskulen, barnehagane, og bebuarar i Sagvåg. Det er ikkje lenge sidan det vart teke i bruk og det viser at mange bruker dette tilbodet. Dette må framleis haldast ope.

Måndag og onsdags klubben er høgdepunktet for dei som brukar dette tilbodet, me ber om at dei også i 2024 kan nytta seg av dette tilbodet kvar veke.

Kulturhuset er ein samlingsstad for innbyggjarane i stord å for å ver ein attraktiv kommune å bu i er det viktig å ha eit godt kulturtilbod.

Einig for tekniske tenester har store etterslep i dag, og er foreslått kutta 1 mill eit av sparetiltaka er å ikkje ta inn ferievikarar til eininga, det vil sei at uteområda på alle offentlege bygg får mindre eller ikkje stell, maling av kommunale bygg må ein nedprioriter det vil føre til enda meir etterslep på vedlikehald.

Fagforbundet meiar dette ikkje er vegen å gå. Stord kommune har mange flotte bygg og dei må me ta vare på.

Me vil ynskja dåke alle lykke til med budsjett arbeidet

Takk for oss.

Øyvind Spissøy

HTV Fagforbundet

Monica Brekke Fosse

Leiar og HTV Fagforbundet

## Vedlegg

### (kopi av Kvinnherad Kommune sin kompetanseplan direkte sitert)

#### **6.1 Grunnutdanning vernepleie og sjukepleie**

Det er over tid etablert fylgjande praksis på støtteordningar:

Det vert gitt ei støtte på kr. 150.000 fordelt over 3 eller 4 år.

Tilsette som tar desentralisert utdanning, får tilbod om inntil 50% stilling under utdanninga. Løn etter ansiennitet og kompetanse.

Det vert lagt til rette for arbeid i Kvinnherad kommune i helgar og i feriar. Vi føreset at studentane arbeider i kommune om dei skal arbeide i tillegg til studie.

Studentar som ikkje har fått støtte tidlegare, kan søkje om støtte siste studieåret.

All støtte vil utløyse bindingstid i samsvar med gjeldande lovverk.

#### **6.2 Grunnutdanning helsefagarbeider**

For utdanning som helsefagarbeidar (praksiskandidat) er dagens praksis at det vert det gitt støtte på inntil kr.20.000 eller dokumenterte utgifter.

Partane vil setje seg saman for å finne tiltak som motiverar fleire til å ta utdanning.

Per i dag tilpassar vi turnus for å gje mulighet for dette.

#### **6.3 Etterutdanning og vidareutdanning**

Sektoren har behov for spesialkompetanse på fleire fagfelt for å kunna levere gode tenester. Dette gjeld utdanning på alle nivå.

Tiltak for å oppnå dette vert gjort gjennom årleg oppdatering av kompetanseplanen for sektoren. I planen vert det gjort kjent kva studie som vert prioritert å gje stønad til i komande år. Denne prioriteringa vert gjort ut frå sektoren sine faglege behov, både for fag –og høgskuleutdanna

Prioritering blant søkjarane vert gjort ut frå budsjett og ut frå behov og fordeling av kompetanse i sektoren. Søknadsfrist 15. februar.

[Søknadsskjema finn du her](#)



## Budsjettinnlegg frå Utdanningsforbundet Stord

Leiar!

Først av alt. Gratulerer alle saman. Å representera partiet dykkar i utval for oppvekst og kultur er eit ærefullt og viktig oppdrag. Det er mange som har store forventningar til dykk.

For dei som ikkje kjenner meg. Mitt namn er Jonatan Gniste og eg er hovudtillitsvald for Utdanningsforbundet. Det vil seia at hovudjobben min er å representera lærarane som jobbar i Stord kommune i samarbeid med administrasjonen, og med dykk politikarar. Eg er valt på årsmøte til Utdanningsforbundet Stord til å vera talsperson for lærarane i kommunen.

Dei aller fleste av dykk har i politiske valprogram skrevet at de ynskjer samarbeid og dialog med fagorganisasjonane. Stord kommune har mange fagorganisasjonar. I oppvekstsektoren er Utdanningsforbundet den største. Me er totalt ca 900 medlemmer på Stord. Over 300 jobbar i kommunen. Det klare fleirtalet er lærarar i grunnskulen. Men me har også medlemmer i kommunale og private barnehagar, i støttesystema i kommunen som td PPT, på vidaregåande skule og på høgskulen. Så å seie alle leiarane i skule og barnehage er også medlemmer hos oss. Utdanningsforbundet jobbar for betre løns og arbeidsvilkår for medlemmene våre og for at me skal ha gode skular og barnehagar.

Me veit at det å vera lokalpolitikar kan vera ein krevjande jobb. Det er mykje å setta seg inn i og ofte mange sider med dokument og saksutgreiing de skal lesa. At de gjer dette på toppen av jobb, fritidsaktivitetar og familieliv er me mange som er takksame for. Det er de som sørger for at lokaldemokratiet vårt fungerer.

At det norske demokratiet står så sterkt som det gjer, er grunna partsamarbeidet. At politikarar, administrasjon og tillitsvalde samarbeider og lyttar til kvarandre er oppskrifta på kvifor velferdssamfunnet vårt er mellom dei beste i verda. Men dette er ikkje noko som berre sentrale politikarar i Oslo har ansvar for. Også me her på Stord må ta vår del av det ansvaret. Så mitt ønske til dykk her i dag er. Aldri gjer store beslutningar som vedkjem skule og barnehage utan å snakka med oss først. Lytt til dei tilsette i sektoren.

Er det noko de lurer på, så ta kontakt. Dersom de trur at det er uproblematisk vedtak de skal fatte. Spør likevel. Gjennom samarbeid får be den beste politikken og løysingane for alle involverte.

Me må også nok ein gong understreka alvoret i bemanningssituasjonen stordskulen no står i. Talet på studentar som byrjar på HVL campus Stord er eit alvorleg varsku til oss alle. 15 studentar starta opp ved den tradisjonsrike lærarutdanninga på Rommetveit. I 150 år har ein utdanna lærarar her, men no er situasjonen prekær. Ved tilsettinga føre haustens skulestart klarte me ikkje å tilsetta nok kvalifiserte lærarar i Stord kommune, og dette er berre starten. Tall frå utdanningsinstitusjonane viser at det kjem til å verta enno meir krevjande i åra som kjem. Når me ikkje får tilsett utdanna lærarar blir belastinga på dei som jobbar på skulen større, me risikerer at fleire lærarar flyktar yrket.

For Stord kommune sin del handlar det om å gjera alt me kan for å behalda kvalifiserte og dyktige lærarar i skuleverket. Me må sørja for å gjera det så bra som mogleg å jobba i skulen vår. Me må stoppa lekkasjen ut av yrket, ha gode livsfasetiltak, ein god seniorpolitikk som gjer at dyktige og erfarne lærarar vert ståande i yrket. Alt for mange sluttar i yrket for tidleg eller hoppar over til andre yrke.

Skal me sikra kvalifiserte lærarar må ein stoppa mindrelønsutviklinga. Sidan lærarar vert overført til KS i 2004 har lønsutviklinga vert vesentleg dårlegare samanlikna med resten av kommunesektoren.

Ein må også prioritera arbeidsvilkåra til lærarane. Ein må ha forsvarlege budsjett å jobba etter. I Stord kommune vil det mellom anna seia at elevressursen må styrkast. Den årlege seansen her har vore at rådmannen foreslår kutt på nokre hundretusen, Utdanningsforbundet protesterer på det, og de som politikarar legg inn nokre av midlane de er foreslått å kutta på. Kutta har sjeldan vore store frå det eine året til det neste, men legg ein saman alle kutta over mange år vert det mykje. Når elevressursen i tillegg skal løysa stadig nye oppgåver så er det no på tide med ei kraftig oppjustering. Det har me forventingar til, for her i salen er det fleire som har sagt at ein no skal prioritera barn og unge. Skal ein gjera det så må ein styrka elevressursen. Og som de no veit så er elevressursen skulebudsjettet vårt. Elevressursen skal finansiera mellom anna spesialundervisning, delingstimar, lærebøker, administrasjon og vikarbruk. Dei seinaste åra stadig fleire midlar til IKT. Når Stord kommune kjøpte ein PC til kvar elev var kostnaden til dette langt i frå det beløpet ein betalt for ein datamaskin. For å administrera heile den store skule-PC-parken til Stord kommune på over 2500 maskinar krevst det store midlar frå elevressursen.

Dei siste åra har elevane sin rett til eit trygt skulemiljø vorte betra.

Opplæringsloven § 9a–1 seier at "alle elevar i grunnskular og vidaregåande skular har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring." At elevane har ein rett innebærer at skuleeigar økonomi ikkje er relevant for om retten skal oppfyllest eller ikkje.

Dette får store konsekvensar for skulane sin økonomi. Løysinga ligg ofte i styrka bemanning som må løysast innan skulane sine opphavlege budsjett, nemleg elevressursen. I Stord kommune utgjer dette fleire millionar, som ikkje ligg i budsjett, over berre eit budsjettår.

Vald og trugsmål har fått stor merksemd dei seinaste åra. Skal me handtera stadig meir krevjande situasjonar i skulen treng med sjølv sagt gode planar, men også midlar til å skapa eit trygt og godt skulemiljø.

Arbeidsbyrda som rektorane våre står i samsvarer ikkje med dei ressursane Stord kommune bruker på administrasjon. Stord kommune har nyleg fått nye rektorar på 5 av 11 skular. Gode folk alle saman, men også stort sett dei einaste søkjarane til jobbane. Det naturlege spranget ville vore at avdelingsleiarar søkte rektorjobben, men dei som sitt tettast på ser kor krevjande jobbar dette er. Me oppmodar dykk om å styrke administrasjonsressursen til skulane våre.

Om me ikkje prioriterer kvalifiserte lærarar så står heile fellesskulen i fare.

Heilt til slutt. Stord kommune skal ha ros for å byggja tre nye ungdomsskular. No er det på tide å satse på barneskulane. Langeland og Leirvik skule treng omfattande oppgradering og nybygg. Me vil oppmoda dykk om å lytta til elevar, føresette og tilsette ved skulane. Me veit det er krevjande prioriteringar som skal gjerast. Men her må ein finna løysingar.

Lukke til med viktig arbeid. Hugs ta kontakt!

Utdanningsforbundet Stord



## Til Høyring i utvalg for oppvekst og kultur 14.november 2023

Tusen takk for at eg fekk komma her i dag. Eg heiter Ragnhild Omvik Bratseth og er hovudtillitsvalt for Utdanningsforbundet Stord med hovudfokus barnehage.

Først vil eg nemna litt om korleis barnehagesektoren på Stord er oppbygd. Det er slik at Stord kommune eig 5 barnehagar, i tillegg er det 15 private barnehagar.

Stord kommune er pålagt å ha barnehageplass til alle barn i kommunen. De som lokalpolitikarar har bestemt at fleirtalet av plassane skal vera i privat regi.

Uansett om barnehagane vert drive i kommunal eller privat regi, er dei Stord kommune sitt ansvar. Det forpliktar! Samtidig har dåke arbeidsgivaransvar og driftar 5 kommunale barnehagar.

For nokre år sidan vart Furuly foreslått lagt ned i budsjettprosessen. Hadde det skjedd då ville ein ha måtte opne igjen i løpet av kort tid fordi det kom fleire søknadar enn forventa. Skal dåke drive kommunale barnehagar på sparebluss for å spare i utbetalingar til private barnehagar, eller skal dåke kunne drive dei kommunale barnehagane forsvarleg økonomisk og pedagogisk? Me kan ikkje forstå at det er barnehagane som veltar budsjettet. Barnehagane er 2,41% av budsjettet i kommunen, og har drive innafor altfor låge budsjett i mange år samanlikna med kostragruppe 7 og landet elles.



Bilde frå budsjettet kor mange kroner pr barn som blir brukt i Stord i samanlikna med landet elles.


Skal me forebygga utanforskap må me starte i barnehagen. Grunnbemanninga i barnehagen må styrkast, slik at barnehagelærarar gis moglegheit til å planlegge gode pedagogiske opplegg og vegleia andre tilsette, slik dei er utdanna til. Rammevilkåra må være i tråd med lov- og avtaleverk, der dei tilsette har nok tid til å utføre oppgåvene, og der barna får utvikle seg i ein trygg barnehage med stabilt personale. Dette er langt unna arbeidskvardagen i dag. Barnehagane er underbemanna, har høgt sjukefråvær og stor turnover: [Nesten 1 av 3 barnehagelærere ser for seg å slutte i jobben i løpet av 1-3 år \(utdanningsnytt.no\)](#) [2 av 3 barnehagelærere jobber i barnehage etter 10 år \(ssb.no\)](#) Leiurar og barnehagelærarar melder om ein situasjon der tilbodet barna får kun er oppbevaring, ikkje et forsvarleg pedagogisk tilbod. Dei tilsette i barnehagane har for lenge, strokke seg for langt for å gi barna eit forsvarleg tilbod, men med alt for få ressursar. Så langt at det har gått på helsa laus for mange av dei. Oppvekstområdet står vidare overfor ein stor omorganisering med kompetanseløfte, ("Alle me(d) - heile veggen") der ein treng kapasitet til å samarbeide på tvers av einingane enda meir enn før. Dette krev ressursar.

Me vil få skryta av, og set veldig pris på at de politikarar her på Stord har hatt så stort fokus på barnehage i det siste, i valprogram og debatt i kommunestyret.

I kommunestyremøte 19. oktober trur eg det var første gong barnehage har vore debattert for pedagogikk, og ikkje berre økonomi i forbindelse med nedlegging, budsjettkutt eller liknande. Det å anerkjenne ein sektor som har vore nedprioritert er viktig berre det. Det gjer at me føler me blir tatt på alvor og høyr.

Om barnehagekvardagen og bemanninga kan eg sei at mange trur at bemanningsnorma gjeld heile barnehagedagen. Da er ikkje tilfelle. Eit eksempel frå ein ganske vanleg småbarnsavdeling med 3 vaksne på 9 småbarn, ofte også 10 barn, nokre av dei startar allereie når dei er 9 månadar. Då skulle ein tru at ein var 3 vaksne i lag med ungane når dei er i barnehagen. Det er langt frå tilfelle. På ein vanleg dag der me er fullt bemanna er den tida me alle er i lag med barna berre ca. 3 timar. Då har eg berre tatt vekk pausar, plantid og vaktordning i forbindelse med at barnehagane har lang opningstid. Jo lengre opningstid jo færre timar er me tre vaksne i lag med barna. (Debatten om alle andre praktiske oppgåver me er pålagt lar eg ligge her). I desse tre timane må me prioritera hardt.

Det er ikkje vikarbudsjett ved sjukdom eller ferie. Tilsette har krav på ferie. Det vil sei at denne avdelinga då i 3 veker skal gå med to vaksne og 9 barn. Sjukefråværet er høgt, i fjor var målet å komme ned på 10%. På denne avdelinga vil det sei at i 4 veker er ein tilsett sjuk, og to tilsette passar 9 barn desse dagane. Me jobbar tett på barn, og sjukdom vert det, mange har og barn sjølve som vert sjuke og må tas vare på. Styrarane må må sy saman kvardagen på best mogleg måte og ofte på kort varsel.



### Frå barnehagemonitor.no Sykefravær – Barnehagemonitor

Barnehagesektoren er den einaste eininga i kommunen som er konkurranseutsett på den måten at ein kanskje mister jobb om ein ikkje deltek i konkurransen. Og konkurransen går mykje på materielle ting som leikeplass, buss, båt, matserving og bilete. Konkurransen går i mindre grad ut på kvaliteten i det pedagogiske opplegget. Då vil me berre sei at dersom me skal servera mat, leggja ut bilete og dokumentere bleieskift på Mykid går ein vaksen vekk for å lage til dette. Treng me hjelp frå Helsestasjonen/PPT må ein tilsett observere, kartlegge, ha møte og føre BTI logg. Mykje av dette må ein gjera i dei tre timane me alle er til stades med barna.

Dåke politikara og (foreldre) har ein del ønsjer og krav til barnehagen. Dåke er hjarteleg velkommen til å komme på besøk og vera med oss nokre timar for å sjå korleis det er i kvardagen. Vil de at me skal prioritere barna og bruke kompetansen vår i lag med dei?

Til budsjett vil eg komme med innspel om at de opprettheld det gode vedtaket om forsøksordning med ein tilsett ekstra i alle dei kommunale barnehagane som vart vedtatt 19.oktober. Stord vart lagt merke til nasjonalt, og me i barnehagane sette utroleg stor pris på at de ser oss.

Me ser at kommunedirektøren har lagt fram at det vil koste ca. 3,4 millionar kroner. Desse tala meiner me er langt frå det det ville ha kosta. Det er mange element som ikkje er tatt med! Me kjem gjerne med innspel, berre ta kontakt. Her kjem blant anna innsparing på sjukevikar og organisering.

Dersom de ikkje går for denne modellen må eg få be om at de i det minste vedtek forsøksordninga koalisjonen har i plattformen med ein ekstra tilsett i ein kommunal og ein privat barnehage, og at det skjer allereie frå neste barnehageår.

Eg håpar på eit godt samarbeid med dåke politikara, og håper de tek kontakt før de gjer vedtak som påverkar kvardagen i barnehagane. Me i utdanningsforbundet på Stord har folk med god kompetanse på både private og kommunale barnehagar.

For at barna skal ha det godt i barnehagen, må også dei tilsette ha det godt på arbeidsplassen sin.

Lykke til med budsjett arbeidet!

## Til høyring i utval for oppvekst og kultur 14.november 2023

### Stordbarnehagane

Barnehagen blei i 2005 lagt inn under Kunnskapsdepartementet. På grunn av det, og på grunn av rammeplanrevisjon av 2006, blei barnehagen offisielt å betrakta som ein del av utdanningssystemet, og med det ein del av opplæringsløpet til alle barn i Norge.

Ca 97 % av barna mellom 1-5 år i Stord kommune går i barnehage. Dette er 4% meir enn landsgjennomsnittet.

Barnehagesektoren i Stord kommune er mangfaldig, med mellom anna ulike typar eigartilhøve, størrelse på barnehagane og pedagogiske profilar.

Men likevel er det meste felles. Me skal alle gje eit godt pedagogisk tilbod til alle barn, i nært samarbeid med føresette, og i tråd med Lov om barnehagar og Rammeplan for barnehagen.

Me skal jobba med tidleg innsats, og me skal jobba førebyggjande. Barnehagen skal vere ein del av det store laget rundt barnet.

Barnehagen er grunnmuren i utdanningssystemet. Alt barna lærer og erfarer i barnehagen, vil dei byggje vidare på seinare i livet.

Ein god barndom varer heile livet.

Alle me som jobbar i barnehagane gjer en svært viktig jobb, og me har eit stort ansvar. Gode barnehagar krev tilsette med høg kompetanse, som jobbar saman i profesjonelle læringsfellesskap, og som har ressursar og nok tid til å bruka kompetansen sin.

Me vil oppmoda deg som medlem i utval for oppvekst og kultur til å invitera deg inn i barnehagane våre. Ved å ha god kjennskap om kva barnehagen inneheld, vil du få eit betre og større kunnskapsnivå, som gjer at du kan ta gode avgjerdslar for dei minste i samfunnet.

Me ber dykk om å tenkja langsiktig, og ta kloke val.

Nå er det- Tid for dei minste.

### Stordbarnehagane

v/ Sigfrid Leifsen, Mona Vaage, Anne Kari Vestvik Matre, Kari Aas, Sarah Helen Spilde Almås og Trine Hellesfjord

## Brakkene på Leirvik skule

Kjære nyvalde politikarar!

Hei alle saman! Mitt namn er Frida Stokken Salamonsen og eg er elev i 6.klasse ved Leirvik skule. Og mitt namn er Mille Kringeland Nygård og eg går i same klasse.

Me meiner brakkene på Leirvik skule må fjernast. Skulen vår trenger nye klasserom, oppussing og nybygg. Brakkene har vore her i ca to år, og på dei åra har det ikkje skjedd noko endring for elevane.

Mange synest det er dumt at me ikkje har plass til å spela slåball, leika tikken eller andre leiker som treng litt plass. Brakkane dekker nesten halve utearealet, og det er jo ganske dumt sidan det alt frå før er ganske lite, og mykje mindre enn på mange andre skular på Stord.

Brakkene er jo ikkje meint for og vera der. Dei skal berre vera der medan me ventar på nye klasserom og ombygging.

Elevane som går i brakkene seier det er trangt, og at dei saknar vanlege klasserom.

Me trenger brakkene sidan me manglar minst tre klasserom, så de er jo bra at me har dei på ein måte. Men det er dumt med brakkene for den plassen dei tar. Og denne plassen kunne me ha leika på.

Me meiner at politikarane på Stord no må løyve pengar til nye bygg og oppussing av Leirvik skule. Me er den nest største skulen på Stord, og no fortener alle barna som går på denne gode skulen skikkelege og moderne klasserom.

Det hastar med å få på plass. Det er mange skular som har fått nybygg og oppussing, og no er det på tide at det er Leirvik skule sin tur!

Leirvik skule er over 100 år og mykje er gamalt og umoderne. Sjølve bygget er og veldig slitt og ikkje slik ein byggjer nye skular i dag.

Me håper på eit nytt fint bygg på Leirvik skule. Enten det blir her den gamle skulen er, eller om ein bygger om på Stord vidaregåande skule.

Me håpar alle partia på Stord no kan bli einige om å satse på Leirvik skule og at den nye ordføraren også vil satse på barn og unge. Me kan ikkje ha det slik som no. No må de gje pengar til å byggje og pusse opp på Leirvik skule. Brakkene må bort!

Tusen takk for oss!

Med venleg helsing

Frida Stokken Salamonsen og Mille Kringeland Nygård

6B ved Leirvik skule

E-post sendt frå FAU Leirvik skule i november 2022:

«Hei,

*Viser til avsatte midlar i investeringsbudsjettet for 2022, post ombygging av Leirvik skule.*

*FAU ved Leirvik skule ynskjer å få ei oppdatering på kva som er status etter gjennomføring av forprosjektet for ombygging av Leirvik skule i 2022. Ein ser at det i budsjettforslaget for 2023 er sett av kr. 2.000 000 til eit forprosjekt som skal gjennomførast i løpet av 2023.*

*Dagens løysing med brakkeriggjar er openbart ei mellombels løysing som gjer beslag på viktig uteareal for elevane ved skulen. Då ombygging av Leirvik skule er eit viktig prosjekt for FAU ved Leirvik skule ber ein om å få inn ein representant i arbeidsgruppa/prosjektgruppa.*

*Me ber om ei tilbakemelding på utfallet av forprosjektet for 2022, samt moglegheita for å stille med ein representant til neste møte i forprosjektet.*

*Med venleg helsing  
Malene Øen  
Leiar i FAU Leirvik skule»*

Blei etterspurd svar på e-post i februar 2023.

Har ikkje fått noko svar frå kommunen. FAU Leirvik skule ber om svar på innspela som er nemnt ovanfor.

# Høyringsinnspel til budsjettet frå FAU ved Langeland skule 14.11.2023

FAU ved Langeland skule har vore sterkt engasjert i saka om ny hall på og renovering av Langeland skule. Me opplever at Stord kommune ikkje har teke inn over seg situasjonen ved Langeland skule når ein no vurderer å utsetja saka om bygging av ny hall og renovering av deler av skulebygget grunna auka kostnader.

Gymsalen ved skulen er for liten for klassane som skal ha gym der. Elevane treng no at politikarane er sitt ansvar medviten, følgjer kommunedelplan for skuleanlegg og gjer det som vart vedteke i kommunestyret 20.12.2020, nemleg bygging av hall og renovering av deler av skulebygget. Refererer til skulebruksplanen for 2019-2027, sjå spesielt s. 9 og 52. Kostnadane aukar, og ein kan ikkje forventa ei større nedgang i kostnadane ved ei utsetjing. Skulen, elevane som er der og dei tilsette som jobbar der treng at nokon ser kva dei går i kvar dag, til dømes kva for tilpassingar dei må gjera grunna manglande fysisk kapasitet, kva elevane må tola i eiga opplæring fordi ein ikkje har dei fysiske romma som trengst for å gje gode læringsmoglegheiter for alle.

FAU ved Langeland skule får tilbakemelding frå føresette med elevar med spesielle behov som fortel om ein skule som vil leggja til rette, men som manglar fysisk utforming slik at dei ikkje får gjort dette slik dei ønskjer. Det manglar grupperom, møterom, skjermingsrom og skulen er generelt ikkje universelt utforma, slik regelverket seier at kommunale bygg skal vera.

Langeland skule sine elevar treng spesialromma sine, dei treng å ha rom dei kan nytta til kunst og handverk, dei treng musikkrom og dei treng rom der dei kan dele elevane inn i mindre grupper. Dei tilsette ved skulen treng gode arbeidsrom, dei treng spesialrom for å gjennomføra og nå måla i LK20 og overordna del. Dei kan ikkje ha enno fleire år der dei må tilpassa undervisinga fordi at dei ikkje har tilgang til spesialromma.

FAU ønskjer at politikarane tek ei synfaring på skulen, ein inspeksjon av dei fysiske forholda slik at dei får sjå tilhøva ved skulen og forstå at eit utsettingsvedtak ikkje kan gjennomførast. Skulen har eit prekært behov, og dei har hatt det over tid. Tilsette treng gode rammer for å bruke energien sin på det dei er tilsett for å gjera, undervisa, gje elevane dei beste læringsføresetnadane LK20 og overordna del seier dei skal gjera. Dei skal vera kreative, skapa forskande elevar, møta alle elevar uansett føresetnadar og skapa like moglegheiter for alle for å utvikla seg som best dei kan.

FAU opplever også at det er aukande utfordringar i skulemiljøet på Langeland. Uteområdet er gammalt og slite, det er få fasilitetar for elevane, og elevrådet har fleire gongar kome med forslag til utbetringar. Det har kome signal frå rektor at ein ønskjer å sjå utbygging og renovering i samanheng med oppgraderinguteområdet. På bakgrunn av dette har FAU og elevar vore tolmodige, men no er det snart ikkje meir tolmod igjen. Eit utfordrande elevmiljø gjer at det blir eit utfordrande læringsmiljø. Tilsette på skulen må nytta mykje tid til konflikhtar mellom elevar, og dette går på kostnad av undervisningstid. Dei tilsette gjer absolutt så godt dei kan, og me applauderer dette. Men det er ei grense for kor lenge dei skal ha slike tilhøve på arbeidsplassen sin. FAU ser med uro på tilhøva dei har til å driva ein god læringsinstitusjon.

FAU ved Langeland skule forventar at politikarane gjer vedtak om å fortsetje slik det står i kommunedelplan for skuleanlegg (skulebruksplanen), det vil seia bygging av ny hall og renovering av klasserom, arbeidsrom og møterom ved Langeland skule.

Elevane og tilsette ved skulen treng at arbeidsgjevar ser behova deira og høyrer kva dei seier.

På vegne av FAU ved Langeland skule

Rune Kjempenes  
FAU leiar  
Langeland skule

## **Innlegg frå Stord friidrett, ved styreleiar Runar Øvrebø og dagleg leiar Joar Hystad**

*Høyring for oppvekst og kultur i Stord rådhus tysdag 14. november klokka 17.00.*

Stord friidrett ønskjer å presentera følgjande to moment:

### **1. Gratisprinsippet**

På styremøte i slutten av oktober vedtok Stord friidrett at alle barneløpa i 2024-sesongen skal vera gratis å delta på.

Nærare bestemt vil det gjelda barneløpa som er tilknytt dei fem store mosjonsarrangementa våre; Industriløpet i mars, Sunnhordland Maraton i mai, Perseløpet på Stord stadion i juni og Stordløpet og Flyplassmila i september. Også det tradisjonsrike Parkløpet i april, som samlar hundrevis av skuleungdomar ved Vikastemmo, vil vera kostnadsfritt å delta på.

Stord friidrett er, så vidt me kjenner til sjølv, den første friidrettsklubben i landet som innfører ei slik omfattande gratisordning.

Ordninga medfører sjølvstøtt eit betydeleg økonomisk tap for oss, men med eit tosifra tal lokale verksemder i ryggen, let det seg gjera utan at tapet blir øydeleggjande stort. Me er likevel ikkje heilt i mål, og håpar at Stord kommune vil avsjå midlar i ein eller annan form for å støtta det me sjølv meiner er ei viktig ordning for å aktivera barn og unge, særleg dei som er del av familiar med krevjande økonomiske tilhøve.

Barneløpa har tidlegare «gått i null» for å dekkja blant anna startnummer og medaljar. Estimert medfører gratisordninga eit økonomisk tap på rundt 80.000 kroner for Stord friidrett. Denne summen er basert på eit estimat av antal deltakarar på komande arrangement (barneløp), som igjen er basert på historikk.

### **2. Berekraftig utvikling**

Idrettsanlegget Stord stadion er eit gammalt og velbrukt anlegg frå starten av 1980-talet. Her har det blitt arrangert Stordleiker, Puttefestival og diverse andre arrangement i årevis. Anlegget blir og nytta året rundt av alt frå barn som driv med idrett og eldre mosjonistar. Her er porten alltid open.

Me treng hjelp til å halda anlegget i god nok stand til at det framleis skal vera mogleg å bruka det. Det har i tidlegare budsjett vore sett av midlar til opprusting, men pengane har alltid blitt fjerna eller flytta til andre prosjekt.

No er det på tide å løfta dette fram igjen i lyset. Vi har fleire rapportar etter tilsyn frå Norges friidrettsforbund og Hordaland friidrettskrins som konkluderer med forfall, som i verste fall kan føra til stenging av anlegget når det gjeld større arrangement. Friidrettsgruppa har ein god dialog med dei andre gruppene (fotball, handball, skeiser etc) om å oppgradera anlegget til godkjent standard. Det ligg også inne HMT-føringar der eigar er pliktige til å sikre anlegg.

Me stiller alltid opp med dugnadskraft, men det store tunge økonomiske løftet, er me nøydde til å få kommunen og politikarane til å hjelpa oss med.









IDRETTSLAGET SOLID - REIN GLEDE

EIT SAMFUNNSENGASJERT IDRETTSLAG

# Innspel til kommunebudsjettet

Karl Olav Gravdal - Styreleiar IL Solid



REIN GLEDE



IDRETTSLAGET SOLID - REIN GLEDE

MÅLSETTING FOR IDRETTSLAGET

“Å leggja forholda til rette slik at flest mogleg barn og unge, **på alle nivå**, kan **få ta del** i idrettsaktivitetar prega av **tryggleik**, **meistring** og **trivsel** i nærområdet”

- IDRETTSLAGET SOLID



REIN GLEDE





## Skule, barnehage- og jobb

08:00	09:00	10:00	11:00	12:00	13:00	14:00	15:00	16:00	17:00	18:00	19:00	20:00	21:00	22:00
-------	-------	-------	-------	-------	-------	-------	-------	-------	-------	-------	-------	-------	-------	-------

## Fritid

**Me skal skape eit inkluderande felleskap og attraktivt lokalsamfunn, gjennom varierte aktivitetar og gode, trygge møteplassar**

Ved å skape møteplassar og aktivitetar prega av tryggleik, meistring og trivsel skal me bidra til at det best mogleg å vekse opp i nærmiljøet vårt. Me bidrar til ei meningsfull fritid, tukta på inkludering, respekt, engasjement og rettferd. Slik skapar me eit attraktivt lokalsamfunn, som er nødvendig for å til dømes tiltrekke seg og behalde verdifull arbeidskraft og familiane deira.



**SOLIDFONDET**  
Respekt - Engasjement - Inkludering - Rettferd

REIN GLEDE



**-MÅLET ER AT ALLE SKAL FINNA EIN KJEKK AKTIVITET**

Tekst av Jonas Sætre



Jon Einar og Ole Christian står i spissen for å få i gang øya sitt største allidrettstilbod. Er du klar for å henga med?



IDRETTLAGET SOLID - REIN GLEDE

EIT SAMFUNNSENGASJERT IDRETTLAG

# Jobben for ein møteplass



IDRETTLAGET SOLID - REIN GLEDE

EIT SAMFUNNSENGASJERT IDRETTLAG

# “Du glitrande!”

*“Eit identitetsskapande og samlande anlegg og ressurs for nærmiljøet”.*

*“det som er spesielt med denne skulen er at idrettshallen er knytt saman med skulen”*

*“Me har eit ønskje om at dette skulle bli senter for folk i Sagvåg og Litlabø. Her vil dei kunne gå tørrskodd mellom idrettsdelen, kulturdelen eller skulen”*





BUDSJETTBEHOV



## Prosjektmidlar til e-sport

IL Solid har investert store summer i e-sport på Nysæter. Kommunal eigenandel er naudsynt for stønad frå fylkeskommunen.



## Midlar til meirbruk og sambruk på Nysæter Ungdomsskule


Nysæter er tenkt som eit inkluderande og heilskapleg bygg. Det trengst midlar til tilsynsvakter/vertar for å opne dørene mellom idrett og kultur. Biblioteket må styrkast.



## Tilskot til koordinering av aktivitetar på Nysæter

Aktivitetane i eit så stort og flott bygg som på Nysæter må koordinerast får å utnytte synergjar. Det trengst eit mandat og midlar for å gjere dette på tvers av idrett, kultur og skule.

BUDSJETTBEHOV



### Gulvbeskyttelse til utanom- sportslege arrangement

I motsetnad til dei andre fleirbrukshallane må gulvet på Nysæter dekkjast til.

### Leigesatsar for bruk av bassenga i kommunen

Bassenga må få same leigesats som fleirbrukshallane, uavhengig av aktivitet og alder på dei som deltek. Midlar til bruk i helgene må inn i budsjettet.

### Oppussing av garderobe- anlegget i Solidhuset

Garderobeanlegget i Solidhuset (eigd av kommunen) er svært dårleg etter snart 30 års bruk. Det er stort behov for ei større oppussing og oppgradering.



## Eksisterende skulestruktur må beholdast

Nedlegging av skular vil drastisk redusere attraktiviteten i nærområda.

Det er i dag få eller ingen bustadar til sals i dei tre skulekrinsane. Det må leggjast tilrette for fleire bustadområde i alle tre skulekrinsane for å oppretthalde og auke elevtalet slik at me styrkar skulane.

Skulane er viktige for å oppretthalde eksisterande lokalsamfunn, sikre tilflytting og auke rekruttering til både offentleg, privat og frivillig sektor.

**Me treng fleire, ikkje færre med på laget!**

■  
IDRETTLAGET SOLID - REIN GLEDE

EIT SAMFUNNSENKASJERT IDRETTLAG



11

# Takk!



## Framlegg i samband med føreslått nedlegging av folkebiblioteket sin filial i Sagvåg.

Leiar!

Mitt namn er Per Christian Rognli. Eg er plasstillitsvald i Utdanningsforbundet for lærarane ved Nysæter ungdomsskule. Eg er her for å takka dykk for det utruleg flotte skuleanlegget me har fått. Det å vera lærar ved Nysæter ungdomsskule er verkeleg bra. Heile anlegget har gjeve eit ordentleg løft, ikkje berre til Sagvåg og Litlabø, men og til heile Stord.

Men eg er ikkje her berre for å skryta. At anlegget vårt er flott det er bra i seg sjølv, men anlegget treng og innhald for å vera eit samlingspunkt. Og kva er viktigare innhald på ein skule enn bøker og ikkje minst eit bibliotek?

Ute på Nysæter er biblioteket sjøelve hjartet i skulebygget. I dag er biblioteket eit kombinasjonsbibliotek. Det betyr at me no har eit skulebibliotek og ein filial av Stord Folkebibliotek midt i bygget. Det å vera eit kombinasjonsbibliotek er ein styrke, noko på grunn av at skulebiblioteket får ekstra ressursar inn, og vidare med at det er mykje meir betent og har lengre opningstider enn det elles ville ha vore mogelegheit til.

Men eg må få understreka: Skulebiblioteket høyrer til utdanning, folkebiblioteket til kultur og danning.

Me veit kor viktig det er at unge les. Skulebiblioteket er tett knyta til eit av skulen sine aller viktigaste oppdrag: å læra elevane å lesa, og å gje dei lyst til å lesa slik at dei held fram med det. Elevar som kjem frå heimar med bøker, har eit fortrinn i skulen. Dette syner blant anna PIRLS 2021.

Samtidig syner også PIRLS 2021 at lesegleaden blant norske 10-åringar er tilbake på 2006-nivå. Samanlikna med nordiske naboar er nedgangen i

Noreg størst. Liknande resultat finn ein att i dei Nasjonale Prøvene. I lesing har samla resultat i Noreg på 5. trinn gått ned samanlikna med fjorårets kull. Jentene les framleis mest og best. I ungdomsskulen er nedgangen i lesing på over eitt skalapoeng. Gutane les også her dårlegare enn jentene.

I Hurdalsplattformen varsla Regjeringa at dei ville styrka litteraturformidlinga gjennom ein ny Leselyststrategi. Alle elevar skulle ha tilgang til skulebibliotek, noko som me har på Nysæter. Stord Kommune har også fått tilskot til skulebibliotek og lesestimulering for 2022. Dette er bra.

Samstundes ynskjer regjeringa at biblioteka skal få styrka arbeidet med å «vekkje leselyst og (å) nå ut til folk». «Å nå ut til folk» kan til dømes vera eit ope bibliotek i Sagvåg. Eit ope folkebibliotek gje føresette høve til ta med borna på biblioteket i samband med anna aktivitet på huset. PIRLS 2021 seier også noko om dette. Føresette les mindre for borna sine no enn tidlegare. Born tek etter føresette sine vaner. Kvifor ikkje opna opp for større moglegheit til gode lesevanar?

Skulebiblioteket og Folkebiblioteket kan bidra til sosial utjamning slik at alle kan delta i ein lesekultur og få auka motivasjon for lesing. Lesing er ein beskyttelsesfaktor både for elevar og vaksne. Lesing er inngangsporten til utdanning og til deltaking i arbeidslivet. Lesing fremjar empati, fantasi, kreativitet og kritisk tenking. Eit velfungerande skulebibliotek kan og vera med på å forsterke skulen sitt arbeid med demokrati, medborgarskap og yringsfridom.

Å leggja ned folkebiblioteket sin filial ved Nysæter ungdomsskule er å svekka skulebiblioteka, bibliotektenestene og kulturtilbodet på Stord, og i Sagvåg- og Litlabø-området spesielt. Me har fått eit fantastisk idrettsanlegg i tilknytning til skulen, men me må ta oss råd til litteratur, leseglede og motivasjon for lesing og.

For Utdanningsforbundet Nysæter Ungdomsskule, Per Christian Rognli

Kjelder:

<https://www.uis.no/nb/lesesenteret/pirls>

<https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-grunnskole/analyser/2023/analyse-av-nasjonale-prover-5-trinn-2023/>

<https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-grunnskole/analyser/2023/analyse-av-nasjonale-prover-for-ungdomstrinnet-2023/>

[Invester i bibliotekene; økt leseferdighet sparer samfunnet for millioner! \(aftenbladet.no\)](#)

[Bibliotekens økonomiska effekter 0.pdf \(fsbf.fi\)](#)

[Om arbeidet med leselyststrategien - regjeringen.no](#)

På vegne av FAU ved Litlabø skule vil eg argumentera for vidare drift av skulen. Skulen har i dag overkant av 100 elevar fordelt på sju trinn. Nokre av klassane er riktig nok små, og me er klare over at det, i eit økonomisk perspektiv, ikkje er ideelt. Samstundes ser me at skulen er god på undervisning på tvers av årsklassar. Timeplanane til elevane er parallell-lagte for å utnytta mogleiken til å samarbeida på tvers av trinn. Skulen har fasilitetar som passar til elevtalet, og dei har eit trygt og godt miljø.

Me er klar over at skulen på sikt vil trenga oppgradering, og meiner at kommunen bør laga ein langsiktig plan for anten å oppgradera Litlabø, eller sjå på skulestrukturen. Å gjera forhasta tiltak no, som til dømes leggja ned ein skule og flytta barn i ein (for mange) sårbar alder, vil vera svært uheldig for deira læringssituasjon, og det vil ikkje vera til barnet sitt beste. Ein forhasta prosess vil skape ein utrygg situasjon både for barna våre og for dei tilsette ved skulen.

Barn og unge treng å bygga sosiale relasjonar gjennom skulen som arena. Ei eventuell forhasta nedlegging av skular vil vera øydeleggjande for etablerte og trygge relasjonar barna har til kvarandre og dei vaksne på skulen.

Det er lagt ned mangt dugnadstimar frå føresette og tilsette for å laga eit trygt og godt utemiljø. Her er stor aktivitet, både i skuletida og på fritida. Skulen er såleis eit viktig knutepunkt for ei levande bygd og lokalmiljø.

## NEI til kulturen?

Stiftinga musikkbransjetreffet 100 Dagar er eit regionalt bransjetreff som Stord Kommune har vore vertskap for sidan 2007. Sidan 2015 har treffet for festivalar og musikkbransjen hatt underskotsgaranti frå Stord Kommune. Me har i løpet av denne perioden nytta oss av den garantien to gonger, begge i etterkant av ein pandemi som sette det frivillig kulturfeltet under stort press både med tanke på auka kostnader og med tanke på å få folk til å nytte kulturtilbod igjen.

I perioden sidan 100 Dagar har vore fast på kulturbudsjettet til Stord kommune har me kome inn i Vestland fylke og Kulturdirektoratet sine budsjett. For å få støtte herifra er eit av kriteria at ein har lokal forankring frå eigen kommune. Utan inngående kjennskap i andre sine budsjett kan eg tenke meg at dette gjeld for mange andre i kulturfeltet. Minimal investering og ressursar frå kommunen skapar store ringverknadar både reint økonomisk og i store kulturopplevingar for innbyggjarane våre. For 100 Dagar sin del er det snakk om 100 tilreisande delegatar frå musikkbransjen kvart år som kjem hit ei heil helg, 400 innbyggjarar på Stord som får unike kulturopplevingar, og nye artistar som får ein unik moglegheit til å stå på ein scene, ofte for første gong. Hilde Skaar, Kjartan Lauritzen, Silja Sol og Boy Pablo er nokre namn som har hatt sine første konsertar i karriera si, her på Stord. Sidan oppstarten har 250 band og artistar stått på scena til 100 Dagar.

Når ein no vel å kutte så drastisk i heile kulturbudsjettet er me i 100 Dagar redd for at ein lagar varige og øydeleggjande spor i kulturlandskapet på Stord, spor som ikkje er lette å reparere. Me er heldige med eit rikt konserttilbod på Stord for tida, men dei aller fleste slit med dårlege resultat. Manglande støtte kan sette heile kulturfeltet tilbake. Manglande kulturtilbod over tid vil føre til ein fattigare kommune, mindre attraktiv for til dømes sjukepleiarar og ingeniørar som kommunen igjen treng.

Som regionalt bransjetreff er det ein fallitterklæring med nedskjæring for 100 Dagar. Kulturplanen som har vore under utarbeiding har satt som mål at Stord kommune skal ta på seg rolla som regionsenter. 100 Dagar inviterer alle festivalar i regionen til nettverk og kompetanseheving. Å sei nei til dette bransjetreffet betyr å ikkje ta på alvor denne rolla som regionsenter.

For mange i kulturfeltet på Stord, spesielt det frivillige, er det like mykje symbolikken i ei støtte som er viktig. Me klarar å gjera utruleg mykje ute av lite. Men det må vera noko. Ein kan ikkje alltid ta den lettvinde løysinga og sei nei til kulturen. Slik er det over alt - utan å investere litt kan ein heller ikkje vente noko avkasting.

For Stiftinga musikkbransjetreffet 100 Dagar  
Jostein Sydnes

## Innspel til årsbudsjett 2024

Elevrådet på Langeland skule ynskjer å kome med innspel til budsjettet i Stord kommune.

Elevane på Langeland får for lite inngym fordi vi er mange elevar på Langeland skule. Me trenger gymsal fordi den har vore sidan 1968 og veldig utslett. Det er tung luft inne i gymsalen. Mange idretter kan også bruke gymsalen til deira behov. Garderobane er dårlige og lukter ekkelt .

Elevrådet har diskutert ny hall for Langelandselevane i mange år. Det er eit sterkt ynskje som kjem tydleg fram kvar gong vi har elevrådsmøte. Gymsalen vi har no er for liten for ein så stor skule. Kvifor får ikkje elevane på Langeland skule lik moglegheit som andre elevar i Stordskulen til å ha kroppsøving inne? Me er lei av å ha kroppsøvingsøker ute i dårleg vestlandsver. Vi har også venta år etter år på eit nytt uteområde. No er eit stort område ferdig planert, men ingen ting meir skjer. Kor mange elevrådsmøter til må vi diskutere og argumentera for at vi treng ein ny hall? No er vi leie av at ting aldri skjer.

Med helsing elevrådet på Langeland skule

Sofie Myrhe Onarheim, leiar

Stord, 13. november 2023

STORD KOMMUNE,  
Postboks 304  
5402 STORD

Att.: Utval for oppvekst og kultur v/Geir Angeltveit

### **TIL MEDEIGAR I STORD MARITIME MUSEUM – STORD KOMMUNE**

I forbindelse med tildeling av midlar for året 2024 ønsker me å klargjera kvifor Stord Kommune, som medeigar, har medansvar til at Stord Maritime Museum har økonomiske rammer til drifta og utviklinga av samlinga. Dette i tråd med føremålet i vedtektene som mellom anna er å vera ein viktig kultursamling som speglar samfunn og industri i regionen.

For informasjon til representantar som ikkje kjenner til bakgrunnen for skipinga av Stord Maritime Museum (SMM) så har vi vedlagt nokon av skipingsdokumenta:

- *Stord Maritime Museum (SMM) vart stifta i 1994. Det vises i den forbindelse til innkalling til skipingsmøte frå Stord Kommune ved dåverande Kultursjef, Jakob Gullberg.*
- *Videre vises det til Protokoll frå Skipingsmøte datert 30.06.94 der ein kan lese at «Frå Stord kommune vart lagt fram melding om at kr 100.000,- er stilt til disposisjon som grunnkapital til stiftinga».*
- *Videre vises til Vedtekter for stiftinga som ble vedtatt i nemnte skipingsmøte der ein kan lese at «stiftinga er skipa ved gåvebrev frå Gunnar og Trygve Oma, datert 27.06.94 og ved innskoten grunnkapital på kr. 100.000,- frå Stord Kommune».*

Stiftinga og venelaget for SMM har i år som tidlegare søkt medeigar i stifting, Stord kommune, om økonomiske stønaden til drifta. Det økonomiske bidraget frå Stord Kommune er ein av berebjelkane for drifta av SMM.

Med utgangspunkt i eigarskap og vedtekter for samlinga meiner me at midlar til støtte for SMM må tildelast fast slik det har vore dei 4 - 5 siste åra. Me meiner at desse midlane må tildelast over kommunen sitt faste driftsbudsjett, ikkje over midlane som er tildelt Utval for Oppvekst og Kultur med dei usikkerheitene dette medfører frå år til år.

Stiftinga Stord Maritime Museum har søkt, og viser til innsendt søknad.

Det er viktig i denne forbindelsen å minne politikerne i Stord Kommune om kva rolle Stord Kommune har og har hatt sidan stiftinga av SMM og ansvaret dette medfører. Vi forstår at budsjettforhandlingane er vanskelege, men Stord Kommune må og forstå at som medeigar i SMM har de eit spesielt ansvar overfor stiftinga.

Vi ber om at dette ansvaret blir tatt til etterretning når søknaden skal handsamast.

**Med helsing**

Stiftinga SMM  
Gunna Jan Oma - leiar  
Signert elektronisk

Venelaget for SMM  
Gunnar Bjørk - Leiar  
Signert elektronisk

Vedlegg:

- Maritimt Museum. Innkalling til skipingsmøte
- Protokoll frå skipingsmøte for Stord Maritime Museum
- Vedtekter Stord Maritime Museum



# STORD KOMMUNE

Kulturetaten

Postboks 414, 5401 STORD

Telefon 53 49 69 50 Telefax 53 49 69 67

Dato: 23. Juni 1994

Journal: 94011392/904 Arkiv: C56

Sakshandsamar: Jakob Gullberg

Gunnar Oma  
Trygve Oma  
Johannes Tufteland  
Else Berit Helle  
Sunnhordland Folkemuseum

## MARITIMT MUSEUM. INNKALLING TIL SKIPINGSMØTE


Det blir med dette kalla inn til skipingsmøte for Stord maritime museum

torsdag 30.06.94 kl 1200 i Kulturhuset, møterom 1.

Sakliste:

1. Val av styre
2. Vedtekter
3. Melding til fylkesmannen
4. Gåvebrev
5. Grunnkapital. Rekneskapsførsel. Revisjon.
6. Ymse

Som vedlegg følgjer forslag til vedtekter godkjende av Stord kommunestyre.

  
Jakob Gullberg  
kultursjef

## PROTOKOLL FRÅ SKIPINGSMØTE FOR

### STORD MARITIME MUSEUM

Stiftinga Stord maritime museum vart skipa i møte i Kulturhuset på Stord 30.06.94.

Til stades:

Gunnar Oma, Trygve Oma, og Johannes Tufteland på vegne av Gunnar og Trygve Oma.

Tore Lande Moe på vegne av Sunnhordland Folkemuseum

Else Berit Helle og Jakob Gullberg på vegne av Stord kommune.

Else Berit Helle vart vald til møteleiar og Jakob Gullberg til å føra protokoll.

#### Sak 1: Val av styre.

Desse vart valde til å sitja i styret:

Gunnar Oma med Oddvar Oma som personleg varamann som representant for brørne Oma.

Trygve Oma med Jan Oma som personleg varamann som representant for brørne Oma.

Tore Lande Moe med Johannes Tufteland som personleg varamann som representant for Sunnhordland Folkemuseum.

Else Berit Helle med Anders Børtveit som personleg varamann som representant for Stord kommune.

Styret konstituerte seg slik:

Leiar: Gunnar Oma

Nestleiar: Else Berit Helle

#### Sak 2: Vedtekter

Skipingsmøtet vedtok det framlagde forslaget til vedtekter for stiftinga.

#### Sak 3: Gåvebrev frå Gunnar og Trygve Oma

Det vart lagt fram gåvebrev datert 27.06.94 frå Gunnar og Trygve Oma som innskot i stiftinga.

Skipingsmøtet godkjende vilkåra i gåvebrevet.

#### Sak 4: Grunnkapital. Tilskot frå Stord kommune.

Frå Stord kommune vart lagt fram melding om at kr. 100.000,- er stilt til disposisjon som grunnkapital til stiftinga.

**Sak 5. Rekneskapsførsel. Revisjon.**

Styret vedtok å be Sunnhordland Folkemuseum om å ta seg av rekneskapsførsla for stiftinga.

Styret vedtok å be Sunnhordland Revisjon om å vera revisor for stiftinga.


**Sak 6: Adresse. Postadresse.**


Styret vedtok at Stord maritime museum inntil vidare skal ha tilhald i brørne Oma sin verkstad i Døso, Hystadvegen.


Styret vedtok at postadresse til museet er :


Stord maritime museum  
v/Gunnar Oma  
Sjukehusvegen 2  
5400 STORD

Stord 30.06.94


  
Gunnar Oma

  
Else Berit Helle

  
Trygve Oma

  
Tore Lande Moe

  
Johannes Tufteland

  
Jakob Gullberg  
referent

## VEDTEKTER

Vedtekne KST - mai 1994

### STORD MARITIME MUSEUM

#### 1. Namn, sete, organisasjonsform.

Museet sitt namn er Stord maritime museum.

Museet er organisert som ei stifting og har administrasjonssete i Leirvik, Stord.

Stiftinga er skipa ved gåvebrev frå Gunnar og Trygve Oma, datert 27.06.94 og ved innskoten grunnkapital på kr. 100.000,- frå Stord kommune.

#### 2. Føremål.

Stord maritime museum har følgjande hovudoppgåver:

- a. Museet skal forvalta museumssamlinga frå Gunnar og Trygve Oma på ein museumsfagleg god måte. Samlinga skal gjerast tilgjengeleg for publikum. Det er ei målsetjing å få reist eige museumsbygg i Leirvik hamn.
- b. Museet skal samla inn, ta vare på, dokumentera og formidla kulturminne frå Stord og Sunnhordland med tilknytning til kystkulturen. Hovudvekta skal leggjast på utviklinga av skipsbyggings- og offshoreindustrien i det 20. hundreåret.
- c. Museet skal ha som ei viktig oppgåve å syna industriutviklinga i regionen og korleis utviklinga har verka inn på ulike sider av samfunnsutviklinga. Stor vekt skal leggjast på kva utviklinga har betydd for folk sine levekår.

#### 3. Tilknytning til Sunnhordland Folkemuseum.

Fagleg skal Stord maritime museum vera ein del av Sunnhordland Folkemuseum si sjøbruksavdeling. Både innsamling, restaurering, dokumentasjon, forskning og formidling skal samordnast med Sunnhordland Folkemuseum.

#### 4. Styret

Stiftinga skal ha eit styre på 5 - 7 personar med slik fordeling:

- 2 skal representera gjevarane av motorsamlinga i samsvar med gåvebrev frå Gunnar og Trygve Oma.
- 1 skal representera Stord kommune
- 1 skal kunna veljast av eit eventuelt venelag
- 1 skal peikast ut av Sunnhordland Folkemuseum

Alle medlemmane skal ha personlege varamedlemmar.

Styret er vedtaksført når minst halvparten av medlemmene er til stades. Ved røstelikskap skal det som leiaren har røysta på, gjelda som styret sitt vedtak.

Styremedlemmene har ei funksjonstid på fire år. Funksjonstida for den kommunalt oppnemnde skal følgja kommunevalbolken.

Styret vel sjølv leiar og nestleiar for eitt år. Styret har fullmakt til å nemna opp nemnder og arbeidsutval som samarbeider med og rapporterer til styret.

Styret har høve til å invitera fleire partar til å ta del i stiftinga. Styret kan vedta at nye gjevarar til museet/nye innskytarar i stiftinga kan bli representert i styret slik at styret kan få inntil 7 medlemmar.

5. **Venelag**

Eit eventuelt venelag for museet skal ha rett til å ha ein representant i styret for stiftinga.

Det er eit vilkår for slik representasjon at styret for stiftinga har godteke venelaget sine vedtekter.


6. **Omdanning av stiftinga. Vedtektsendringar**


Ved omdanning av stiftinga eller ved vedtektsendringar skal ein følgja reglane i Lov om stiftelser kap. VI: Omdanning av stiftelser m.m. Vedtektsendringar må godkjennast av fylkesmannen.


7. **Anna**

Så langt anna ikkje er sagt i vedtektene, gjeld Lov om stiftelser av 23.mai 1980 nr. 11.

Stord, 30.06.94

  
Gunnar Oma

  
Else Berit Helle

  
Trygve Oma

  
Tore Lande Moe



## **INNSPEL TIL BUDSJETTARBEIDET I STORD KOMMUNE**

Sommaren 2023 vart andre sesong med sommarope i Gruvemuseet på Litlabø gjennomført, etter at Gruvene på Litlabø vart peika ut som mål for auka reiselivssatsing i Stord kommune. Dette var mogleg å gjennomføra gjennom eit tett samarbeid mellom Venelaget for Gruo, kommunen, Visit Sunnhordland, Geopark Sunnhordland.

Kommunen bidrog med midlar til:

- Marknadsføring av sommarope og løn til 3 omvisarar i 6 veker (5 dagar ope – 7 timer dag).
- Førstehjelpskurs.
- Guideopplæring i samarbeid med Geopark Sunnhordland.
- Administrering.

Erfaringar frå sommaren 2023 er at det har vore besøk alle dagane det var ope i sommarsesongen. Totalt har 887 personar kjøpt billettar til omvising, som er noko ned frå første sesong. Det var lagt opp til 3 guide turar pr. dag. Det var tilbod om omvising i gruva med tog køyring og omvising i og under Tårnet. Omvising i gruva med tog køyring var mest populært, der enkelte av turane har vore fullbooka.

Dei tilsette omvisarane gjorde ein framifrå jobb og besøkande har vore veldig begeistra. Samarbeidet mellom guidane, Venelaget og Geopark Sunnhordland har fungert godt i sommar.

Venelaget fekk inntektene frå billettsal og kafédrift for sommarsesongen 2023 på i alt 137 000 kr. Det er naturleg at desse midlane vert brukt til naudsynt utstyr og oppgraderingar før neste sesong.

### **Innspele til budsjettarbeidet 2024**

For at det skal vera mogleg å gjennomføra sommarope i 2024 vil det vera behov for å vidareføre bidrag frå Stord Kommune som lova i 2023 dei neste 2 åra til å løna guidar, marknadsføring, ansvarleg prosjektleiing gjennom Geopark Sunnhordland.

Venelaget for Gruo ønsker å spela inn følgjande:

- Utbetring av tak Arbeidarbustad – om lag 300 000kr
  - Det er behov for at taket på Arbeidarbustaden vert restaurert. Taket fram står i dag i dårleg stand. Kostnad her er vanskeleg å talfesta før ei evaluering av tilstand og behov er gjort.

- Utbetring av turstiane på gruveområdet
  - Viktig å gjere desse attraktive å bruka for å visa fram gruveområdet og som rekreasjon for befolkninga. Turstiane er i dag prega av attgroing og dagbrotet Storsynken er lite tilgjengeleg utan ein god sti.
  - Attraktivt tur område. Vanskeleg å anslå kostnad.
- Plan for demningane og vassrennesystemet:
  - Det må utarbeidast ein plan på korleis ein kan sikra at demningane vert bevart.
  - Vassrennesystemet til Vaskeriet er prega av attgroing og forfall. Den må sikrast og plan utarbeidast for korleis ein kan gjera dette tilgjengeleg for allmenta. Det er ein viktig del av kulturhistoria.
- Stord kommune bør gå i tett dialog med Vestland fylkeskommune, med det som mål at fylket bør vera med på deler av dei større utbetringane/investeringane. Gruvene på Litlabø er den best bevarte gruva i Vestland og i Noreg. Det er viktig at politikarane i Stord kommune tenker langsiktig i det vidare arbeidet. Venelaget for Gruo vil medverke i den grad me har moglegheit.

Stord, 11. november 2023

Geir Magne Hamnes  
for Venelaget for Gruo

## Innspel budsjettøring 14.11.2023 «Utval oppvekst og kultur»

### Om idrettsrådet:

Kva er funksjonen til Stord Idrettsråd (SIR)?

Frå NIF sine sider: »Idrettsrådet er organisert i NIF gjennom idrettskretsen, og idrettsrådet skal være et fellesorgan for idrettslaga inn mot kommunen».

Alle 38 NIF-idrettslag i Stord kommune:

Kvinner					Menn					Sum			
0-5	6-12	13-19	20-25	26-	Sum	0-5	6-12	13-19	20-25	26-	Sum	Sum	
128	993	531	80	690	2422	159	1154	749	211	1611	3884	6306	
<b>Stord Idrettsråd (38/42)</b>					Stord Golfklubb*								
Heiane Bokseklubb*					Stord Handbak Klubb*								
Huglo Idrettslag*					Stord Hestesportlag*								
Idrettslaget Solid					Stord Idrettslag								
Idrettslaget Trott*					Stord Jujutsu Klubb*								
Judo Klubb Stord*					Stord Karateklubb*								
KI-Stord Kampsportklubb*					Stord Masters Svømmeklubb*								
Leirvik Ballklubb*					Stord Motorsportklubb*								
Leirvik Bordtennisklubb*					Stord Orientering*								
Stord Baby Og Barnesvømming*					Stord Padelklubb*								
Stord Badmintonklubb*					Stord Petanqueklubb*								
Stord Basketballklubb*					Stord Pistolklubb*								
Stord Bordtennisklubb*					Stord Seilforening								
Stord Bowling Klubb*					Stord Snookerklubb*								
Stord Bueskyttere*					Stord Styrkeløfterklubb*								
Stord Cricket Klubb*					Stord Sumo Klubb*								
Stord FFK*					Stord Sykleklubb*								
Stord Flyklubb*					Stord Symjing*					Stord Tinde- og Klatreklubb*			
Stord Fotball*					Stord Taekwon-Do Klubb*					Stord Undervannsklubb*			
Stord Frisbeegolfklubb*					Stord Tennisklubb*					Tiger Fk*			

Styret i idrettsrådet: (Presenterer idrettsrådet)

Styret frametter:

Namn	Rolle	Tidsperiode	
Kjell Håvard Belsvik	Leiar	2023-2025	Stord IL
Irene Strømø Kvalvik	Nestleiar	2022-2024	IL Trott
Karl Olav Gravdal	Styremedlem	2023-2025	IL Solid
Svømming (frist 30.06.2023)	Styremedlem	2023-2025	Stord IL
Øystein Djuve	Styremedlem	2022-2024	Stord Hestesportlag
Neetah Sankholkar	Styremedlem	2023-2025	Stord Cricketklubb
Trond Ekornrud	Styremedlem	2022-2024	Stord tennisklubb
Basket (frist 30.06.2023)	Styremedlem-vara	2023-2025	Stord Basket

Representanter fra Basket og svømming må vera inne før 30.06.2023

## Utval for oppvekst og kultur gjer ein viktig jobb

Stord kommunestyre sit med makta til å prioritere og dra nytte av samspelet til frivilligheita i idretten. Kommunen, saman med idrettsrådet og idretten får til viktige aktivitetar kvar dag heile året. Det må styrkast og dyrkast!

Frivilligheita i Stord kommune skaper gjennom idretten inkludering, engasjement, gode haldningar, samhold, og mykje meir som ikkje vert målt i kroner og øre. Idretten er eit utstillingsvindaug for kommunen.

Frivilligheita i Stord kommune bidrar gjennom idretten med meir enn 60 millionar (2019) årleg i kommunen. Over ti år er dette over 600 millionar kroner.

Frivilligheita i kommunen skaper gjennom idretten eit fritidstilbod som trekkjer ungdommen heimatt etter utdanning noko som dempar eldrebølgja i kommunen. At mange stiftar familie i Stord kommune styrkar samfunnet vårt.

Frivilligheita i Stord kommune skaper gjennom idretten meningsfull fritid og gjer det lettare å rekruttere riktig kompetanse til alle arbeidsplassane i kommunen.

## Føreseieleg samspel mellom kommune og idrett

Sylve Rusten frå Stord kommune stiller opp på alle møter i idrettsrådet og er ei svært viktig brikke i samspelet med kommunen.

Kommuneplanen for idrett og kultur 2015-2025, nemner idrettsrådet som sentral samarbeidspart. Hald planen oppdatert og følg avtalte prioriteringar!



Kommunedelplan  
for fysisk aktivitet, idrett og  
friluftsliv 2015-2025

Om de søker på «Idrettsråd» i dette dokumentet får de 17 treff. Ver oppdaterte og bruk «Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2015-2025»

Samspel mellom idretten og kommunen gjer at anlegga kan vera mest mogleg i bruk gjennom døgeret. Her er skuletid/arbeidstid og fritid i samspel med idretten løysinga i svært mange kommunar, også i Stord.

Stord kommune har i samspel med idrettsrådet laga prioritering for nye bygg som styrkar idretten, skuletilbodet og kommunens utvikling som felles interesser.

### Budsjett 2024- og frametter:

For nye bygg på Vikahaugane er det kjekt å sjå at ishall er lyst ut. Kostnaden i første omgang vart noko høg, men i samspel med idretten kan kostnaden truleg takast ned. Ishallen er eit regionanlegg og har finansiering frå ulike hald:

- Frå fylket
- Spelemidlar
- Sparebanken vest
- Momskompensasjon
- Litt frå kommunen
- Med fleire

Det er viktig å halde oppe momentet og realisere ishallen som også har fleirbuksmoglegheiter. Kommunen og idretten er styrka gjennom godt samarbeid også her.

Stord Idrettsråd, 14.11.2023



## **Uttale frå råd for menneske med nedsett funksjonsevne:**

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne har følgjande uttale til årsbudsjett 2024:

### **1. Lavterskel helsestasjon**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RFM) meiner at kommunen må oppretthalda lavterskel helsestasjon.

#### **Grunngjeving:**

Dei som nyttar/er avhengige av dette tilbodet tilhører nokon av dei mest utsette gruppene i kommunen vår. For mange er dette det einaste helsetilbodet dei gjer seg nytte av. Dette avdi kompleksiteten i helseutfordringane deira er av ein slik karakter at berre langvarig og tett relasjon er det som skal til for at dei kjem fram med helseutfordringane sine.

Rådet viser til at tilbodet til denne gruppa har blitt redusert ved tidlegare høve.

Rådet vil og visa til at denne brukargruppa er del av FUS (fagleg samhandlingsutval) som kommunen deltek i saman med Helse Fonna. Jfr.Helse-og omsorgslova kapittel 6.

Rådet vil og peika på at ei nedlegging av tilbodet truleg vil medføra at fleire vil ha trong for og rett til bistand som enkeltvedtak.

### **2. Hamna Kontaktsenter.**

Dette er eit lavterskel aktivitetstilbod som vert nytta av mange og som er heimla i Helse-og omsorgslova paragraf 1-1, pkt. 1-3. Førebyggjande arbeid er lovpålagt etter denne lova og etter Folkehelselova. Rådet meiner at førebygging svarer seg i lengda, noko historia om andre sjukdomar har vist. Rådet har merka seg at mange flyktingar og nyttar tilbodet. Kan statsstøtte til flyktingarbeid nyttast til delfinansiering av Hamna? Rådet meiner at det kan forsvarast ut frå at dette er eit godt integreringstiltak.

Dersom tilbodet vert lagt ned, vil truleg fleire ha trong for bistand ved enkeltvedtak. Den sparte summen vil såleis verta mindre.

### **3. Miljøterapeuter i skulen**

Rådet viser til regjeringa si satsing på psykisk helse med ein milliard i 2024. Den skal gå til førebyggjande arbeid blant barn og unge.

Undersøkingar ha vist at mange barn og unge har fått auke i psykiske helseutfordringar etter pandemien. Rådet meiner at kommunen må arbeida aktivt for å få på plass desse stillingane.

### **4. Nedlegging av biblioteket på Nysæter.**

Bydelen Sagvåg og Litlabø har hatt bibliotek i mange tiår. No er det og blitt eit utvida tilbod for elevane ved skulen.

Rådet vil peika på at bibliotek er eit viktig førebyggjande tiltak som det ofte kan vera undervurdert tydinga av. Bibliotek vert ofte nytta av folk som elles ikkje har råd til tilgang på god litteratur. Kan heile bibliotekdrifta i kommunen sjåast under eitt?

## 5. Mandags- og onsdagsklubben.

Rådet ber om at dette tilbudet må halda fram.

2 ansatte i totalt ca 30% stilling. 20-30 personar nyttar tilbudet. Da einaste tilrettelagte tilbud i Stord kommune der absolutt alle utviklingshemma, uansett funksjonsnivå kan delta.

Dette er flotte habiliteringstiltak som deltakarane sjølv bestemmer kva skal innehalda.

Her får dei trening i sjølvbestemmelse, tilrettelegging, gjennomføring, opprydding og fysisk aktivitet (dans)

Dette er altså habilitering og lovpålagte oppgåver som kommunen har overfor mennesker med nedsatt funksjonsevne. Viktig med forutsigbarhet /kvar veke for utviklingshemma. Enkelte kan ha vanskar med tidsbegrep, og er vare for endringar.

At dette ikkje er lovpålagt, er for enkelt å seia.

Grunngjeving:

Folkehelseloven

Skal bidra til å fremma folkehelse, herunder utjevna sosiale helseforskjeller.

Utan å iverksetja nødvendige tiltak vil mange personar med nedsatt funksjonsevne ikkje kunna nyttegjera seg av folkehelsearbeidet i kommunen. I tillegg skal arbeidet med folkehelse vera førebyggjande og den enkelte skal ha medvirkning.

Mandagsklubben og onsdagsklubben er gode eksempel på slikt folkehelsearbeid.

Nasjonale veileder (Utarbeida i tråd med CRPD.)

Gode helse- og omsorgstenester til personer med utviklingshemming.

Kommunen skal legge til rette for

- at personer med utviklingshemming kan ha en aktiv og meningsfylt tilværelse.
- fysisk aktivitet for personer med utviklingshemming
- for god psykisk helse hos personer med utviklingshemming
- mm

CRPD-Convention on the Rights of Persons with Disabilities.

Konvensjon om rettighetene til mennesker med nedsatt funksjonsevne

Formål å fremme, verne om og sikre mennesker med nedsatt

funksjonsevne full og likeverdig rett til å nyte alle menneskerettigheter og grunnleggende friheter..... på lik linje med andre.

Artikkel 26-Habilitering

Beholde størst mulig selvstendighet, utnytte sitt fysiske, mentale, sosiale potensial fullt ut, og oppnå full inkludering og deltakelse på alle livets områder.

.....treffe hensiktsmessige tiltak for å muliggjere deltakelse på lik linje med andre.

## **6. Rehabiliteringsbassenget.**

Rådet ber om at rehabiliteringsbassenget ikkje vart stengd.

Grunngjeving:

Kommunen har ansvar for helse og omsorgstenester og skal sørge for at det å tilby nødvendig tilbod for alle pasient og brukargrupper. Personar med somatiske eller psykisk sjukdom, skade eller lidelser, rusmiddelproblem, sosiale problem eller nedsett funksjonsevne har alle rett til sosial, psykososial og medisinsk habilitering og rehabilitering. I loven er det ikkje definert kva som er lovpålagt.

Det er er tilbod til over 120 brukarar av terapibading i veka.

Ca 200 elevar har lovpålagt symjeundervisning i veka.

Det er 15 leigetakarar frå mange lag og organisasjonar med ca 300 deltakarar i veka på ettermiddag/kveldstid. Her er det mange på babysymjing.

Det er og symjeopplæring og vasstilvenning for innvandrarar og flyktingar.

Det er eit viktig rehabilitering /folkehelsetiltak med trening i varmt basseng.

Konsekvensane er større sjukefråvær for dei som er i arbeid og store utfordringar for dei med kroniske sjukdommar.

Dette vil då koste meir over tid for samfunnsøkonomien, og for kommunen.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne er særst bekymra for at stenging av bassenget vil mange brukarar mista eit tilbod. I dag vil det sei at ca 450 personar i veka mister eit godt habilitering/rehabiliterings tilbod. Det som og er viktig å få med er at ca 200 elevar i veka mister eit lovpålagt tilbod om symjeundervisning.

Rådet vil oppmoda politikarane til å finna midlar på tvers i organisasjonen i staden for å leggja ned vel etablerte tilbod.



## LESERINNLEGG

For tre år siden hadde jeg mitt første møte med Lavterskel helsestasjon nede på havnen, jeg ble invitert dit av Annita. Der ble jeg møtt med et vennlig smil og uten fordommer. Jeg syntes med en gang at dette var et sted jeg kunne trives. Det har vært min sosiale arena siden, og jeg har kunnet være meg selv hele tiden, både på godt og vondt. Det viktigste for meg har vært muligheten til å være inkludert, å være rundt mennesker som bryr seg og som jeg setter stor pris på. Medbrukere og ansatte har jeg blitt veldig godt kjent med, og de er familien min her i Leirvik.

Jeg kommer så og si fra gaten i Bergen, med alvorlig rusbruk og tung psykiatri. At jeg står her i dag er et direkte resultat av støtten og omsorgen jeg og mine medbrukere får på Lavterskel. Jeg hadde en kraftig overdose tidligere i år og ble reddet av Annita som hadde fått Naloxon av Lavterskel. Naloxon er en motgift mot heroin som administreres i nesen for enkel bruk under overdoser.

Jeg har bare godord om Lavterskel helsestasjon, om de ansattes kompetanse og virke. De er psykologer, sosionomer, hjelper med søknader og tilrettelegger. De operer langt utover det som stillingene deres skulle tilsi, jeg opplever genuin omsorg og medmenneskelighet. De skjønner oss og utfordringene våre. Kenneth er en dyktig sjef og koordinator som følger oss opp, han er alltid på når vi kommer med ønsker. Vi har vært på skitur til Røldal og vi reiser på turer til Haugesund. Jon Inge som jeg kan prate med om alt mulig, jeg kan åpne meg og blir alltid møtt med respekt og forståelse. Hege som sendte bekymringsmeldinger om eskalerende rusbruk til DPS og som fikk meg inn på avrusning. Anne Britt som startet for 20 år siden og fremdeles står på, dere er en fantastisk gjeng.

Dette er ikke toppen av deres arbeid, dette er fortsettelsen på deres arbeid. Kunnskapen de sitter på og Helsestasjonen tenker jeg er i helt i tet når det gjelder rusomsorg. Vi er en stor gruppe mennesker som nytter oss av Helsestasjonen, men vi blir også sett på individnivå. Å bli sett er noe av det viktigste, å bli behandlet på en ordentlig og menneskelig måte.

Jeg er nå rusfri og skal i arbeidstrening, diagnosen skal tas bort og medisinerer avsluttes. Dette hadde ikke skjedd hadde det ikke vært for omsorgen jeg har fått på Lavterskel. Jeg vil takke dere.

Nyheten om innstramminger er trist på en helt annen måte enn dere kanskje tror, det handler om et tap. Et tap som først og fremst handler om menneskelige relasjoner. Støtte, forståelse og medmenneskelighet. Verdien av lavterskel er at jeg og vi føler menneskeverd og håp. Størst er verdien av en rusfri tilværelse.

Remy Andre Solberg Lyssand

## **INNLEGG TIL HØYRING 15.11.23**

Jeg starta med LAR i Bergen fengsel 2005.

Alle som jobber på Lavterskel Helse jobber med hjertet på utsiden.

Anne Britt Ommer er jo nett som en «mamma»: «Har der spist, drukket osv er daglige fraser.

Her kan en komme i hvilken som helst tilstand og bli godt mottatt. Her føler du deg sett som menneske og ikke som en belastning og et utskudd som en ellers ofte blir i hverdagen.

Uten Lavterskel kan jeg med hånden på hjertet si at jeg hverken hadde hatt kontakt med ungene mine eller vært i live.

Blir dette tilbudet fjernet vil det føre til store konsekvenser for Stord kommune og samfunnet ellers.

### **2. påskedag 2023:**

Naboen min Remy ringte meg og lurte på om jeg kunne komme bort en tur. Der var han og en felles kompis i gang med å koke opp noe heroin for å sette seg en dose (smell, skudd). Jeg sa til han at han måtte være forsiktig fordi heroinen så veldig sterk ut. Han kom inn fra badet med sprøyten i armen, tok det som var igjen og da ble han momentant blå. Jeg hørte dødsralling da han ramla bak i stolen livløs og mørkeblå.

Jeg sprang alt jeg kunne for å hente naloxon motgift som jeg hadde fått utdelt på Lavterskel året før. I den boksen ligger det to doser med motgift mot heroin. Satte først en og så at jeg måtte bruke den andre også. Fikk han ned på gulvet og satte i gang med Hjerne-lunge-redning. Jeg ringte AMK og hadde de på telefon hele tiden.

Heldigvis gikk det godt denne gangen. Men uten opplæring og motgift hadde ikke Remy vært i blant oss i dag.

### **Helsehjelp – kompetanse**

Jeg har vært plaget med Epilepsi i mange år. På Lavterskel opplever jeg en stor trygghet fordi de kjenner meg så godtatt de ser når et anfall er på vei. Dette betyr enormt mye i hverdagen min. Jeg har hatt en del utfordringer med rus og vekt. Da har spesielt Hege og Kenneth trådd til og gitt meg den hjelpen jeg akutt har trengt.

Det kunnskapsnivået Kenneth, John-Inge, Hege og Anne-Britt innehar tilsvarer 50 årsverk. Minst.

At Lavterskel har åpent hver dag betyr enormt mye for oss i dagliglivet. En kontinuitet og «normal» input gjør at rusing blir halvert, da en vil vise seg fra sin beste side.

### **Rusfritt liv**

Jeg har nå vært rusfri i over 1 år og har nå mulighet for å gå ut i jobb. Dette hadde aldri skjedd uten de fantastiske folkene på Lavterskel.

### **Et Spørsmål om liv og død**

Dersom Lavterskel blir nedlagt, tar en vekk **grunnfjellet** i livet vårt. Jeg håper derfor ikke at Lavterskel blir strøket ut av budsjettet. Jeg tror at det fort kan bli et spørsmål om liv og død for noen.

Annita Carina Jenssen



Budsjettinnlegg høyringar.

Fagforbundet v/ HTV Øyvind Spissøy

Leiar, komite takk for at me får kome med vårt innlegg, dette setter me stor pris på, viktig å få fram korleis ståa er ute i kommunen, og kva som kjem av kommentarar til oss i forhold til konsekvensar av liggande budsjettforslag.

Fagforbundet ynskjer i dag å leggje fram same innlegg som me legg fram i alle komitear, då me er oppteken av at ein må sjå alle utfordringane når ein skal vera med på å leggja eit budsjett. Dette med å sjå heilheten er svært viktig.

Fagforbundet er som dåke sikkert allereie er klar over ikkje berre bekymra, men sterkt uroa for situasjonen ein har i RHO einingane, det er mangel på helsepersonell og det vil berre bli større utfordringar dei neste åra.

Ein ser vidare eit høgt sjukefråvær som påverkar arbeidsmiljø ute på avdelingane, men og mykje innleige av vikarar.

Arbeidspresset er stort og me har lokale tillitsvalte som er bekymra for korleis framtida skal bli. Etter kommune direktør sitt framlegg av budsjett forslag har me fått mange hendvingingar. Både av tillitsvalte og andre tilsette.

Innsparing på 30 millionar på rehabilitering, helse og omsorg er vanskeleg å sjå korleis ein skal klare. Me har brukarar ute i Stord Kommune som verkeleg treng den hjelp og støtte dei kan få. Fagforbundet tenkjer fyrst på Hamna Kontaktsenter og Lågterskel helsestasjon.

Dette er tiltak desse brukarane er heilt avhengige av. Kva skal ein ellers gjere? Kor skal ein opphalda seg? Ber dere politikara instendig om å finne midlar til å oppretthalda desse tiltaka. Det betyr alt for dei som bruker det.

Det var sterke historiar me fekk når me var på synfaring i førre veke.

Kommunedirektøren påpeikar i sitt framlegg at me står foran utfordringar i RHO med aukande eldre og mindre tilgang på arbeidskraft. Me må styrke denne sektoren og ikkje kutte. Ein har grunnbemanninglæra som er ein ulovfesta rett og som er tydeleg på at dersom ein brukar vikarar utover små periodar skal ein tilsette fleire. Eit tiltak må vera å sjå på vikarbudsjettet og bruke det til å auke grunnbemanning i fleire einingar og avdelingar.

Ved Stord Sjukeheim har Fagforbundet forstått at ein i budsjettforslaget ynskjer å sjå på å redusera nattevakt. Dette er eit heilt umogeleg kutt. Ein har endeleg fått ro og fått det til å fungera. Det er viktig å ikkje gjere om noko som endeleg fungerer godt. Me må ikkje risikera flukt frå yrket.

Det er i ny styringsplattform til koalisjonen blitt påpeika at ein ynskjer å gi private instansar tilgang til heimebaserte tenester. Fagforbundet er uroa over korleis dette vil påverka både tenester og arbeidsmiljøet i denne eininga. Me meina heilt klart at å drive tenestene våre sjølve er det beste, då har ein moglegheit til å ha kontroll over både tilbod og dei tilsette sine arbeidsvilkår.

Etterspørsel etter heimebaserte tenester har auka dei siste åra i Stord Kommune, dette er ein følge av at det er for få institusjonsplassar. Fagforbundet ser at kommunedirektøren føreslår å auka budsjett, men auken ein legg opp til er det ein brukar i dag. Vedtakstimar er større enn den bemanninga ein har i eininga, heimebaserte må ta alle som kjem, ein kan ikkje sei nei. Det er røde tall i heimebaserte år difor bør ein auke enda meir enn det som er føreslått.

Me har mange helsefagarbeidarar som er dyktige og har god og lang kompetanse. Fagforbundet ber dere politikara leggja inn i budsjettet kompensasjon for å ta høgare utdanning, dette vil kunne gjere at helsefagarbeidaren kan ta sjukepleiar utdanning og få både jobb og kompensasjon under studiet. Refererer til Kvinnherad sin modell, ber dere sjå på denne. ( sjå vedlegg )

Å stenga bassenget ved rehabiliteringssenteret frå 2024 vil gje fleire utfordringar, det er 440 brukara som får terapibading, lovpålagt symjeopplæring, og 15 leigetakarar som brukar bassenget kvar veke, blant anna for å kunne stå i jobb sin.

Bassenget er eit viktig rehabilitering / folkehelseiltak i Stord kommune. (jf. Reforma «Bu trygt heime» og «Tid for handling» og demografisk utvikling). Fagforbundet meiner dette vil gje ei lita innsparing for eininga men auka utgifter på kort og lang sikt for andre deler av samfunnsøkonomien. Ber dere politikara å sjå på dette ein gang til.

Kommunedirektøren påpeikar i budsjettforslaget at ein skal sjå på skule og barnehage struktur i Stord Kommune. Slike store omstruktureringar vil krevje gode og trygge prosessar. Ein må sjå på alle moglegheitane. Det er klart at når ein snakkar om å leggja ned ein skule vil dette skapa uro ute i organisasjonen for tilsette, og det som er heilt sikkert er at dette skapar stor uro

for føresette og elevane på dei ulike plassane som kan bli berørt. Det er viktig med gode og trygge prosessar i henhold til reglane i hovudavtalen, og ikkje minst tidleg og god informasjon ut i organisasjonen og dei partane som vil bli berørt.

Forslaget til kommunedirektør om trinnvis auke av hovudverneombud vil Fagforbundet stilla seg bak, det er viktig i ein så stor kommune som Stord å ha eit hovudverneombud i 100% stilling.

Å auka grunnbemanninga i barnehagen og alle andre avdelingar er eit overordna mål for Fagforbundet, me meiner at dette vil gje positiv verknad på sjukefråvær og betre arbeidsmiljø. i alle einingane våre.

Føreslege reduksjon ved eining for kultur vil få fleire uheldige konsekvensar for eininga. Kutt for lag og organisasjonar, kulturskulen, biblioteket på Nysæter og måndags og onsdags klubben vil ha store konsekvensar for dei som brukar tilbodet. Fagforbundet meiner at nedlegging av biblioteket på Nysæter Ungdomsskule ikkje er eit godt sparetiltak. Dette er ein viktig arena for ungdomskulen, barnehagane, og bebuarar i Sagvåg. Det er ikkje lenge sidan det vart teke i bruk og det viser at mange bruker dette tilbodet. Dette må framleis haldast ope.

Måndag og onsdags klubben er høgdepunktet for dei som brukar dette tilbodet, me ber om at dei også i 2024 kan nytta seg av dette tilbodet kvar veke.

Kulturhuset er ein samlingsstad for innbyggjarane i stord å for å ver ein attraktiv kommune å bu i er det viktig å ha eit godt kulturtilbod.

Einig for tekniske tenester har store etterslep i dag, og er foreslått kutta 1 mill eit av sparetiltaka er å ikkje ta inn ferievikarar til eininga, det vil sei at uteområda på alle offentlege bygg får mindre eller ikkje stell, maling av kommunale bygg må ein nedprioriter det vil føre til enda meir etterslep på vedlikehald.

Fagforbundet meiar dette ikkje er vegen å gå. Stord kommune har mange flotte bygg og dei må me ta vare på.

Me vil ynskja dåke alle lykke til med budsjett arbeidet

Takk for oss.

Øyvind Spissøy

HTV Fagforbundet

Monica Brekke Fosse

Leiar og HTV Fagforbundet

## Vedlegg

### (kopi av Kvinnherad Kommune sin kompetanseplan direkte sitert)

#### **6.1 Grunnutdanning vernepleie og sjukepleie**

Det er over tid etablert fylgjande praksis på støtteordningar:

Det vert gitt ei støtte på kr. 150.000 fordelt over 3 eller 4 år.

Tilsette som tar desentralisert utdanning, får tilbod om inntil 50% stilling under utdanninga. Løn etter ansiennitet og kompetanse.

Det vert lagt til rette for arbeid i Kvinnherad kommune i helgar og i feriar. Vi føreset at studentane arbeider i kommune om dei skal arbeide i tillegg til studie.

Studentar som ikkje har fått støtte tidlegare, kan søkje om støtte siste studieåret.

All støtte vil utløyse bindingstid i samsvar med gjeldande lovverk.

#### **6.2 Grunnutdanning helsefagarbeider**

For utdanning som helsefagarbeidar (praksiskandidat) er dagens praksis at det vert det gitt støtte på inntil kr.20.000 eller dokumenterte utgifter.

Partane vil setje seg saman for å finne tiltak som motiverar fleire til å ta utdanning.

Per i dag tilpassar vi turnus for å gje mulighet for dette.

#### **6.3 Etterutdanning og vidareutdanning**

Sektoren har behov for spesialkompetanse på fleire fagfelt for å kunna levere gode tenester. Dette gjeld utdanning på alle nivå.

251	2023-11-11	Stord, Norway	
252	2023-11-11	Stord, Norway	
253	2023-11-11	Stord, Norway	
254	2023-11-11	Stord, Norway	
255	2023-11-11	Stord, Norway	
256	2023-11-11	Bergen , Norway	Dette er ikkje rett plass å kutte kostnader
257	2023-11-11	Stord, Norway	
258	2023-11-11	Stord, Norway	Hanna kontaktsenter er ett viktig og nødvendig tilbud
259	2023-11-11	Stord, Norway	
260	2023-11-11	Stord, Norway	
261	2023-11-11	Stord, Norway	
262	2023-11-11	5417, Norway	Eg signerer fordi Hamna er ein viktig møtestad. Har egentleg ikkje ord for at det i heile tatt kan komma eit forslag om å legga ned!
263	2023-11-11	Stord , Norway	
264	2023-11-11	Nesttun, Norway	Eg har budd mange år på Stord, og hadde Hamna som praksisplass under utdanning. Og såg sjølv kor viktig Hamna er for kvardagen til brukarane. Så ikkje ta ifra de Hamna 🙏

#	Dato	Bosted	Comment
265	2023-11-11	Bergen, Norway	
266	2023-11-11	Stord, Norway	Eg signerer fordi Hamna er svært viktig for alle som går der. Der kjenner dei deg trygge og trivest. Der er gode tilbud for èin billig peng.
267	2023-11-12	Bømlo, Norway	Vi trenger sårt dette tilbudet!
268	2023-11-12	Stord, Norway	
269	2023-11-12	Torvastad, Norway	
270	2023-11-12	Stord, Norway	Vi ikke skal ta i fra de sårbare mere enn det som allerede er gjort! Det er skammelig å behandle medmennesker på en så ussel måte!!!!
271	2023-11-12	Stord, Norway	
272	2023-11-12	Stord, Norway	Jeg vil at Hamna skal bestå
273	2023-11-12	Stord, Norway	
274	2023-11-12	Bergen, Norway	
275	2023-11-12	Haugesund , Norway	
276	2023-11-13	Stord, Norway	Ein brukar sa: eg veit ikkje kor eg hadde hamna hvis eg ikkje hadde hatt Hamna
277	2023-11-13	Stord , Norway	
278	2023-11-13	Stord , Norway	
279	2023-11-13	Stord, Norway	
280	2023-11-13	Stord, Norway	
281	2023-11-13	Mosterhamn , Norway	
282	2023-11-13	Stord, Norway	Da er et tilbud som blir benytta av mange ulike mennesker. Viktig samlingspunkt.
283	2023-11-14	Stord, Norway	
284	2023-11-14	Stord, Norway	Ekstremt viktig samlingspunkt i samfunnet.

#	Dato	Bosted	Comment
285	2023-11-14	Valevåg , Norway	
286	2023-11-14	Stord, Norway	
287	2023-11-14	Stord, Norway	
288	2023-11-14	Stord, Norway	Har bekjente som Hamna betyr veldig mye for.
289	2023-11-14	Stord, Norway	
290	2023-11-14	Tønsberg, Norway	
291	2023-11-14	STORD , Norway	
292	2023-11-14	Stord, Norway	
293	2023-11-14	Stord, Norway	
294	2023-11-14	Bømlo, Norway	Ting som fungerer godt og er til glede for mange brukere må oppretthaldast 🙏❤️
295	2023-11-14	Mosterhamn, Norway	
296	2023-11-14	Bømlo, Norway	
297	2023-11-14	Trondheim , Norway	Eg signerer fordi det rett og slett er feil å legge ned dette og liknande tilbud!
298	2023-11-14	Stord, Norway	Er sterkt imot nedleggelse av sosiale og helsebringende tjenester
299	2023-11-14	Stord, Norway	
300	2023-11-14	Stord, Norway	
301	2023-11-14	Førresfjorden , Norway	
302	2023-11-14	Stord kommune , Norway	
303	2023-11-14	Foldrøyhamn, Norway	

#	Dato	Bosted	Comment
304	2023-11-15	Stord, Norway	Jeg mener det er en viktig møteplass og en forebyggende arena sett i sammenheng med mental helse og løfter livskvaliteten og livsgleden til de som bruker denne <3
305	2023-11-15	9153 Rotsund, Norway	
306	2023-11-15	Harøy, Norway	Jeg signerer fordi Hamna er et svært viktig tilbud.
307	2023-11-15	Stord, Norway	
308	2023-11-15	foldrøyhamn, Norway	
309	2023-11-15	Bømlo, Norway	
310	2023-11-15	Stord, Norway	
311	2023-11-15	Stord, Norway	
312	2023-11-15	Stord, Norway	Viktig sak!!!
313	2023-11-15	Stord , Norway	
314	2023-11-15	Bømlo, Norway	
315	2023-11-15	Stord, Norway	
316	2023-11-15	Stord, Norway	
317	2023-11-15	Storf, Norway	
318	2023-11-15	Stord, Norway	Ein viktig og trygg møteplass.
319	2023-11-15	Os, Norway	
320	2023-11-15	Stord, Norway	Hamna komtaktsenter er i ryggraden og særdeles viktig for mange, også er det et hyggelig sted å komme innom for en kaffi og prat 😊

# Uttale

Til Komite for Rehabilitering, Helse og Omsorg  
Fra Mental helse Stord/Fitjar

Me i Mental helse Stord/Fitjar er bekymra for situasjonen til personar med utfordringar innan psykisk helse og rus slik det er i dag. Helse fonna driver med et stort økonomisk underskot på drift og vil stramme inn på tilbud som døgnplassar og behandlere på Stord DPS. Samtidig som behovet auker, flere er sjuke og sjukare enn tidlegare. Det blir ikke nok tid til behandling i spesialhelsetjenesten før de skrives ut igjen.

Kommunehelsetjenesten får da auka arbeidsmengde slik som dette utviklar seg.

Me er også i den situasjonen at fleire familiar ikkje får endane til å møtast økonomisk. Køen på matutdelinga aukar ifølge Frelsesarmeen. Me veit at fattigdom og psykisk helse er sterkt knytt til kvarandre.

Me meiner at det er totalt uansvarleg av Stord kommune å kutte i tilbudet til lavterskel og andre behandlings tilbud .

Me har lenge vært bekymra og venta på ei opprusting av til dømes førebyggjande aktiviteter for dei sårbare i kommunen.

Ved å følgje kommunedirektøren sitt forslag til budsjett vil det bli en svært kritisk og krevjande situasjon for disse innbyggjarane.

Me meiner at kommunen må ha en plan for å møte verkeligheta slik som den virkelig er.

Styret  
Mental helse Stord/Fitjar



Norsk Forbund for  
Utviklingshemmede

Med fokus på  
menneskerettigheter

## **Nfu Stord, Fitjar og Tysnes innspill til årsbudsjett 2024.**

**Mitt navn er Mia Therese Pedersen, jeg er leder for Nfu Stord, Fitjar og Tysnes her er vårt innspill til kommunedirektørens budsjett i eining for habilitering**

Kommunedirektøren i Stord har fremmet forslag om å bruke 5.1 mil i lovpålagte tjenester i barnebolig, samt foreslår han å øke ressurser knyttet til enkeltpersoner og helsehjelp i forbindelse med somatisk aldrende personer med utviklingshemming, noe vi i Nfu ser på som svært positivt.

I rapporten til det landsomfattende tilsynet som helsetilsynet utførte i 2016, ble det oppdaget alvorlige svikt i tjenestene til 45 kommuner av i alt 57 kommuner. Fylkesmannen avdekte mangelfull bemanning og på bakgrunn av det lite individuelle tilrettelagte tjenester som potensielt ville berøre brukernes livskvalitet.

Vi i Nfu reagerer spesielt på forslaget om å redusere grunnbemanningen i kommunale bofelleskap for utviklingshemmede med 3 mill, vi mener grunnbemanningen allerede er ganske presset. En reduksjon her vil derfor gjøre det vanskelig å finne handlingsrom for personalet til å gi gode faglige og forsvarlige tjenester.

Tjenestene i eining for habilitering har ett tilbud innen Positiv Atferdsstøtte (PAS). Primært er det ett rammeverk som skal øke livskvaliteten til tjenestemottaker og sekundært redusere utfordrende adferd, og målet er at ansatte skal ha god kjennskap til teori og praksis og kan arbeidet etter dette rammeverket.

Pas bygger på menneskerettighetene og legger vekt på personsentrerte og individuelt tilrettelagte tjenester. Vi i NFU mener at det ved ytterligere nedtrekk i grunnbemanningen vil gjøre det utfordrende å yte tjenester utfra PAS og brukernes mål. Dette krever at man har tid til å arbeide både med fag og individuell plan, for å få dette til må man ha nok ansatte på arbeid.

Nfu ønsker å trekke fram handlingsplanen som Bergen kommune har utarbeidet for tjenestene til utviklingshemmede, **Et helt liv med mening, vekst og utvikling**. Som bygger på CRPD og har et livsløpsperspektiv og følger derfor kronologisk tjenestene gjennom livet fra svangerskapet av og identifiserer viktige overgangsfaser. Nfu foreslår at Stord kommune ser litt nærmere på den og håper den kan inspirere til å utforme noe lignende her i vår kommune.

Helt til slutt ønsker jeg å trekke fram verdiplakaten til Stord kommunes som en liten tankevekker **Visjon, Saman om utvikling og velferd**.

Med vennlig hilsen  
Mia Pedersen  
Nfu, Stord, Fitjar og Tysnes





## Eldrerådet

### Uttale til budsjettet for 2024

Kommunedirektøren peikar i framlegg til budsjett for 2024 på fleire **tilhøve** som eldrerådet finn **urovekkande**: Forventa auke i talet på eldre over 70 og 80 år; mangel på faste og korttids sjukeheimplassar; stort behov for og omfang av heimetenester; forventa auke i forekomst av aldersrelaterte sjukdommar og plager.

Ut frå mellom anna dette vil eldrerådet tilrå følgjande prioriteringar i budsjettet for 2024:

1 Byggja ny **sjukeheim** innan 2026 som også gir rom for korttidsplassar og tenlege rom for utskrivne sjukehuspasientar.

2 Halda oppe **rehabiliteringstenestene**. Eldrerådet støttar kommunedirektøren sitt syn at førebyggjande tiltak er billegast og gir best velferd på sikt.

3 Vidareutvikla dei **førebyggjande** tiltaka. Eldrerådet tenkjer då på

- A) Kommunen sitt informasjonsarbeid overfor seniorar. Eldrerådet viser her til vårt tidlegare framlegg om at ein årleg, budsjettert **eldrehelsedag** for 75-åringar i kulturhuset.
- B) Samordna sosiale **møteplassar og aktivitetar** for seniorar som vert drivne i Leirvikstova, Hagerupshuset og på biblioteket.
- C) Fleksibel kollektiv bestillingstransport. Eldrerådet viser her til vårt framlegg om at kommunen må ta initiaativ overfor Skyss.
- D) Tilbodet til **heimebuande og pårørande** må ikkje svekkast,

3 Gjennomgang av **alle kommunale investeringsplanar** og –prosjekt med sikte på å strengt prioritera dei som er heilt nødvendige innan eldreomsorg.

Eldrerådet viser i den samanheng til **vår uttale til budsjettet for 2023**:

“Ut frå demografiutvikling og samla lånegjeld bør Stord kommune i sin økonomiplan sjå kritisk på dei samla investeringane i barnehage, skule, idrett og kultur i forhold til investeringane i eldreomsorg.”

Eldrerådet støttar kommunedirektøren sitt framlegg om å sjå på organisasjonsstrukturen i kommunen.

4 Oppretthalda **seniorprisen**. Prisen tener til oppmuntring og inspirasjon for frivillig arbeid for eldre på Stord. Frivillig arbeid gir dobbel glede og effekt: Det er til glede både for den som yter, og for den som mottar.

## **Uttale frå råd for menneske med nedsett funksjonsevne:**

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne har følgjande uttale til årsbudsjett 2024:

### **1. Lavterskel helsestasjon**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RFM) meiner at kommunen må oppretthalda lavterskel helsestasjon.

#### **Grunngjeving:**

Dei som nyttar/er avhengige av dette tilbodet tilhøyrrer nokon av dei mest utsette gruppene i kommunen vår. For mange er dette det einaste helsetilbodet dei gjer seg nytte av. Dette avdi kompleksiteten i helseutfordringane deira er av ein slik karakter at berre langvarig og tett relasjon er det som skal til for at dei kjem fram med helseutfordringane sine.

Rådet viser til at tilbodet til denne gruppa har blitt redusert ved tidlegare høve.

Rådet vil og visa til at denne brukargruppa er del av FUS (fagleg samhandlingsutval) som kommunen deltek i saman med Helse Fonna. Jfr.Helse-og omsorgslova kapittel 6.

Rådet vil og peika på at ei nedlegging av tilbodet truleg vil medføra at fleire vil ha trong for og rett til bistand som enkeltvedtak.

### **2. Hamna Kontaktsenter.**

Dette er eit lavterskel aktivitetstilbod som vert nytta av mange og som er heimla i Helse-og omsorgslova paragraf 1-1, pkt. 1-3. Førebyggjande arbeid er lovpålagt etter denne lova og etter Folkehelselova. Rådet meiner at førebygging svarer seg i lengda, noko historia om andre sjukdomar har vist. Rådet har merka seg at mange flyktingar og nyttar tilbodet. Kan statsstøtte til flyktingarbeid nyttast til delfinansiering av Hamna? Rådet meiner at det kan forsvarast ut frå at dette er eit godt integreringstiltak.

Dersom tilbodet vert lagt ned, vil truleg fleire ha trong for bistand ved enkeltvedtak. Den sparte summen vil såleis verta mindre.

### **3. Miljøterapeuter i skulen**

Rådet viser til regjeringa si satsing på psykisk helse med ein milliard i 2024. Den skal gå til førebyggjande arbeid blant barn og unge.

Undersøkingar ha vist at mange barn og unge har fått auke i psykiske helseutfordringar etter pandemien. Rådet meiner at kommunen må arbeida aktivt for å få på plass desse stillingane.

### **4. Nedlegging av biblioteket på Nysæter.**

Bydelen Sagvåg og Litlabø har hatt bibliotek i mange tiår. No er det og blitt eit utvida tilbod for elevane ved skulen.

Rådet vil peika på at bibliotek er eit viktig førebyggjande tiltak som det ofte kan vera undervurdert tydinga av. Bibliotek vert ofte nytta av folk som elles ikkje har råd til tilgang på god litteratur. Kan heile bibliotekdrifta i kommunen sjåast under eitt?

## 5. Mandags- og onsdagsklubben.

Rådet ber om at dette tilbudet må halda fram.

2 ansatte i totalt ca 30% stilling. 20-30 personar nyttar tilbudet. Da einaste tilrettelagte tilbud i Stord kommune der absolutt alle utviklingshemma, uansett funksjonsnivå kan delta.

Dette er flotte habiliteringstiltak som deltakarane sjølv bestemmer kva skal innehalda.

Her får dei trening i sjølvbestemmelse, tilrettelegging, gjennomføring, opprydding og fysisk aktivitet (dans)

Dette er altså habilitering og lovpålagte oppgåver som kommunen har overfor mennesker med nedsatt funksjonsevne. Viktig med forutsigbarhet /kvar veke for utviklingshemma. Enkelte kan ha vanskar med tidsbegrep, og er vare for endringar.

At dette ikkje er lovpålagt, er for enkelt å seia.

Grunngjeving:

Folkehelseloven

Skal bidra til å fremma folkehelse, herunder utjevna sosiale helseforskjeller.

Utan å iverksetja nødvendige tiltak vil mange personar med nedsatt funksjonsevne ikkje kunna nyttegjera seg av folkehelsearbeidet i kommunen. I tillegg skal arbeidet med folkehelse vera førebyggjande og den enkelte skal ha medvirkning.

Mandagsklubben og onsdagsklubben er gode eksempel på slikt folkehelsearbeid.

Nasjonale veileder (Utarbeida i tråd med CRPD.)

Gode helse- og omsorgstenester til personer med utviklingshemming.

Kommunen skal legge til rette for

- at personer med utviklingshemming kan ha en aktiv og meningsfylt tilværelse.
- fysisk aktivitet for personer med utviklingshemming
- for god psykisk helse hos personer med utviklingshemming
- mm

CRPD-Convention on the Rights of Persons with Disabilities.

Konvensjon om rettighetene til mennesker med nedsatt funksjonsevne

Formål å fremme, verne om og sikre mennesker med nedsatt

funksjonsevne full og likeverdig rett til å nyte alle menneskerettigheter og grunnleggende friheter..... på lik linje med andre.

Artikkel 26-Habilitering

Beholde størst mulig selvstendighet, utnytte sitt fysiske, mentale, sosiale potensial fullt ut, og oppnå full inkludering og deltakelse på alle livets områder.

.....treffe hensiktsmessige tiltak for å muliggjere deltakelse på lik linje med andre.

## **6. Rehabiliteringsbassenget.**

Rådet ber om at rehabiliteringsbassenget ikkje vart stengd.

Grunngjeving:

Kommunen har ansvar for helse og omsorgstenester og skal sørge for at det å tilby nødvendig tilbod for alle pasient og brukargrupper. Personar med somatiske eller psykisk sjukdom, skade eller lidelser, rusmiddelproblem, sosiale problem eller nedsett funksjonsevne har alle rett til sosial, psykososial og medisinsk habilitering og rehabilitering. I loven er det ikkje definert kva som er lovpålagt.

Det er er tilbod til over 120 brukarar av terapibading i veka.

Ca 200 elevar har lovpålagt symjeundervisning i veka.

Det er 15 leigetakarar frå mange lag og organisasjonar med ca 300 deltakarar i veka på ettermiddag/kveldstid. Her er det mange på babysymjing.

Det er og symjeopplæring og vasstilvenning for innvandrarar og flyktingar.

Det er eit viktig rehabilitering /folkehelsetiltak med trening i varmt basseng.

Konsekvensane er større sjukefråvær for dei som er i arbeid og store utfordringar for dei med kroniske sjukdommar.

Dette vil då koste meir over tid for samfunnsøkonomien, og for kommunen.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne er særskilt bekymra for at stenging av bassenget vil mange brukarar mista eit tilbod. I dag vil det sei at ca 450 personar i veka mister eit godt habilitering/rehabiliterings tilbod. Det som og er viktig å få med er at ca 200 elevar i veka mister eit lovpålagt tilbod om symjeundervisning.

Rådet vil oppmoda politikarane til å finna midlar på tvers i organisasjonen i staden for å leggja ned vel etablerte tilbod.

# Innspel til årsbudsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027

Norsk Ergoterapeutforbund og Norsk Fysioterapeutforbund

Kommunedirektørens forslag til årsbudsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027 peiker på fleire utfordringar ein må løyse for å betre dagens økonomiske situasjon på kort sikt, i tillegg til å skape ein berekraftig plattform for framtida. Det er ei kjend sak at ein innan RHO-feltet er avhengig av å tenkje førebyggjande, helsefremjande og rehabiliterande, og rette innsatsen mot teneste i brukars eigen heim framfor ved institusjon. Det er naudsynt at flest mogleg bur heime i eigen bustad så lenge som mogleg, med så lågt tenestebehov som mogleg. Dette for at helsevesenet skal være i stand til å gje god nok helsehjelp til alle dei som treng det. I tillegg veit ein at Stord kommune vil ha lågare sjukeheimsdekning i åra som kjem, trass 64 nye sjukeheims plassar. Det er gledeleg at kommunedirektørens forslag peiker på viktigeita av eit slikt fokus for å møte og handtere utfordringane som kjem, i tråd med *Meld.St 24: Fellesskap og meistring - Bu trygt heime*. Norsk Ergoterapeutforbund og Norsk Fysioterapeutforbund er likevel svært bekymra for det tydelege avviket mellom utfordringane som må løysast, visjonane og tiltaka som vert føreslått. Stord kommune er heilt avhengig av eit dobbeltløp med fokus på både kortsiktig brannsløkking, men og langsiktig berekraft for at det skal være *godt å bu heime* for alle i Stord kommune i 2024 og i framtida.

## Stengje varmtvassbassenget

Det er føreslått å stengje varmtvassbassenget for all aktivitet frå januar 2024. Dette er eit tiltak som vil gje store konsekvensar for mange av innbyggjarane, og vil være eit stort tap i det helsefremmande, førebyggjande og rehabiliterande arbeidet. Det er om lag 600-650 brukarar av varmtvassbassenget vekentleg. 120 av desse nyttar bassenget til terapibading og behandling, 200 er elevar som mottar lovpålagt symjeopplæring i skulen, og om lag 300 er deltakarar gjennom lag og organisasjonar. Mange av desse er kronikarar. I tillegg til desse nyttast bassenget til offentleg bading, som er eit viktig folkehelseiltak. Bassenget er eit avgjerande tilbod for at mange skal klare seg sjølv i eigen heim, og for nokon gjere det mogleg å stå i arbeid og være ein ressurs for samfunnet og kommunen. Mange av dei som mottar terapibading er avhengig av varmt vann i behandlinga. I Stord kommune er det ingen andre moglegheiter for å nytte varmtvassbasseng. Utan basseng på rehabiliteringssenteret vil det ikkje i Stord kommune være mogleg å tilby terapibading, babysvømming eller andre tilbod der ein er avhengig av varmt vann. I tillegg veit ein at varmtvassbassenget på rehabiliteringssenteret avlastar dei andre bassenga på Stord som også nyttast til symjeopplæring. Det er ikkje kapasitet i desse bassenga til å kompensere for eit nedlagt bassengtilbod. Å stenge varmtvassbassenget vil medføre auka kostnader på andre områder i kommunen, og ein vil miste ein viktig arena for folkehelse og rehabilitering.

## Kutt i ressursar for servicetenesta

Servicetenesta består i dag av 2,5 årsverk. Det blei tilført 0,5 årsverk då kommunen overtok ansvaret for all velferdsteknologi i 2022. Servicetenesta har ansvar for drift av kommunalt hjelpemiddellager, logistikk kring hjelpemiddel frå både kommunalt lager og frå NAV, montering og service på hjelpemiddel, og installasjon av velferdsteknologi. Servicetenesta har dei siste åra opplevd eit stort auke (ca. 65% frå 2019) i oppdrag, som gir stort press på tenesta.

- 2019: 1208
- 2020: 1231
- 2021: 1433
- 2022: 1594
- 2023: 1797 (pr. 13/11-2023)

Denne utviklinga er forventet å akselerere i takt med den demografiske utviklinga dei neste åra. Dette auke skapar allereie i dag stor arbeidsbelastning og høgt arbeidsrelatert stress for dei tilsette i tenesta, og tidvis forseinkingar og long ventetid for brukarane. Velferdsteknologi

er eit av satsingsområda for å handtere utfordringane som kjem, noko som vil gje ytterlegare press på servicetenesta. Ved eit kutt i tenesta vil det ikkje være mogleg for dei tilsette å handtere etterspurnaden. Andre faggrupper må då overta arbeidsoppgåver for at ein skal klare handtere dette. Ein må då stille spørsmål kring riktig bruk av ressursar og kompetanse. Riktig bruk av ressursar og kompetanse er noko Stord kommune vektlegg høgt i satsinga på å redusere kostnadane på kort og lang sikt. Om ein skulle lagt nokon av arbeidsoppgåvene til servicetenesta over til ergoterapeutane og fysioterapeutane ville dette i stor grad påverka terapeutane si tid til å nytte sin kompetanse innan helsefremming, førebygging, tilrettelegging og rehabilitering. Ressursane knytt til ergoterapi og fysioterapi er svært knappe og desse tenestene er allereie i dag overbelasta.

## **Manglande fokus på helsefremming, førebygging, tilrettelegging og rehabilitering**

Ei stor bekymring knytt til kommunedirektørens forslag, er mangelen på den naudsynte satsinga på helsefremming, førebygging, tilrettelegging og rehabilitering. Stord kommune er heilt avhengig av satsing på desse områda for å bli i stand til å handtere utfordringane som kjem for RHO-feltet. Viktigheita av desse satsingsområda har vore trekt fram i long tid, men ein har sjeldan sett det i praksis. I 2020 blei kommunens døgnrehabiliteringstilbod lagt ned som følge av budsjettmessige nedtrekk, sjølv om dei same satsingsområda var gjeldande den gong. Dette var eit stort steg i feil retning når det gjaldt det rehabiliterande arbeidet i kommunen. Stord kommune har i dag 2 rehabiliteringstilbod – *heimerehabilitering* og *dagrehabilitering*. Desse kompensere berre delvis for eit manglande døgnrehabiliteringstilbod. Stord kommune har og tilbod og tenester innan helsefremming, førebygging og tilrettelegging, men ikkje i tilstrekkeleg grad for å handtere etterspurnaden som er i dag. Korleis skal ein då handtere ei vidare auke i etterspurnad når ein allereie er på etterskot? Stord kommune ligg langt under landsgjennomsnittet når det gjeld årsverk ergoterapeutar og fysioterapeutar. Landsgjennomsnittet for ergoterapeutdekning er i dag 6,2 årsverk per 10 000 innbyggjar. I Stord kommune er dekninga 3,5 årsverk ergoterapeut per 10 000 innbyggjar. For å nå landsgjennomsnittet er det naudsynt at ergoterapitenesta styrkast med 5,0 årsverk. Når det gjeld dekninga av fysioterapeutar er landsgjennomsnittet 9,5 årsverk per 10 000 innbyggjar. I Stord kommune er det tilsett 6,6 fysioterapeutar per 10 000 innbyggjar (inkl. dei med driftstilskot). For å nå landsgjennomsnittet i dag må fysioterapitenesten styrkast med 5,6 årsverk. Det er og viktig å trekkje frem at kommunen mottar eit fastlønstilskot på 240 780,- per tilsett fysioterapeut for å dekkje deler av lønsutgiftane. I tillegg har Stord kommune innført eigenandel for fysioterapiteneste, som og dekker noko av kostnaden. Dette er kostnadseffektiv arbeidskraft. Underdekninga av ergoterapeutar og fysioterapeutar i kommunen er tydeleggjort av lange ventelister og avviksmeldingar. Tenestene opplev ei aukande mengde hastesakar som må prioriterast, i tillegg til at rehabiliteringssakane blir stadig meir komplekse og tidkrevjande. Det er utfordrande å tilby tilstrekkeleg rehabilitering til den gruppa som eigentleg treng døgnrehabilitering. Dette går i stor grad utover arbeidet med førebygging og helsefremming, som må nedprioriterast. Ein jobbar kvar dag med å sjå på korleis ein kan forbetre og effektivisere arbeidet, og treffe flest mogleg av innbyggjarane. Etterspurnaden for ergoterapi og fysioterapi er venta å auke sterkt i tida framover. Landsgjennomsnittet (6,2 årsverk ergo og 9,5 årsverk fysio) er tilstrekkelege for å møte etterspurnaden i dag. Prognosar frå SSB viser at det er forventa at etterspurnaden for ergoterapi vil auke med kring 30% fram mot 2031 (og 50% mot 2035). Etterspurnaden for fysioterapi er forventa å auke kring 15% fram mot 2031 (30% mot 2035). Ein kan forvente at fysio- og ergoterapitenesta i Stord kommune framleis vil være svært underdekt også fram mot 2031, trass eit auke på 5,0 årsverk ergoterapeut og 5,6 årsverk fysioterapeut i dag. Om ein skal møte landsgjennomsnittet og klare handtere auke i etterspurnad fram mot 2031 må ressursane aukast med heile 8,1 årsverk ergoterapeut og 8,3 årsverk fysioterapeut gjennom perioden. I tillegg veit me at etterspurnaden for tenestene vil fortsette å auke sterkt i tida etter. Det er då skremmande og urovekkande at desse tenestene og faggruppene ikkje vert satsa på i det heile, når Stord kommune allereie

er langt på etterskot. I 2022 blei det vedteken ny kommunedelplan for RHO. Her kjem det og tydeleg fram at ein er heilt avhengig av å satse på tenestene og kjernekompetansen til ergoterapeutar og fysioterapeutar. I planen er det trekt fram at eit av dei prioriterte tiltaka for 2023 var å styrka avd. for fysioterapi og ergoterapi med 2 årsverk. I 2023 har ein faktisk mista 1 årsverk ergoterapeut i kommunen.

Tenestene fysioterapeutar og ergoterapeutar tilbyr er økonomisk besparande tenester, då ein forskyv og unngår kostbare tenester høgare i omsorgstrappa (t.d. behov for sjukeheimplass). Ein sjukeheimplass kostar om lag 1,3m NOK i året. Dette tilsvarar om lag 2 årsverk terapeut. Ein kan lure på kor mange «behov for sjukeheimplass» 2 terapeutar klarar forskyve/unngå i løpet av eit år.

*Auka tenestebehov i helse og omsorgstenestene* peikast på som ei av hovudutfordringane ein må løyse. Det står og i forslaget at *kommunen skal leggje til rette for tenester som gjer at innbyggjarane kan bu lengst mogleg heime*, og at dette gjerast gjennom *førebyggjande arbeid og helsefremjande aktivitet*. Korleis skal ein gjere dette viss ein ikkje satsar på dei tenestene og faggruppene som faktisk står for dette arbeidet og kan gjere dette mogleg? Med den låge dekninga av fysioterapeutar og ergoterapeutar vil det være urealistisk og uopnåeleg for Stord kommune å førebu seg og handtere utfordringane som no treff RHO-feltet. Ved dei føreslåtte nedtrekka (stenging av bassenget og kutt i servicetenesta) vil ein få ytterlegare press på tenestene, og arbeid med helsefremming og førebygging vil bli svært vanskeleg å prioritere. I tillegg vil desse nedtrekka direkte påverke dei innbyggjarane som treng det mest.

Ein forstår den økonomiske situasjonen organisasjonen er i, og at det i dag er utfordrande å vurdere investeringar for framtida. Likevel skal ein ikkje sjå langt fram for å forstå at ein ikkje har råd til å la være. *Førebygging løner seg alltid framfor "reparasjon" i ettertid*. Stord kommune har ikkje råd til at dette berre skal vere ein visjon. Eit dobbeltløp, der framtida og vert prioritert, er ei føresetnad for å lukkast med å danne ein berekraftig plattform som skal ruste oss for framtida.

Utvalet må gjerne ta kontakt om det er ynskjeleg med meir informasjon eller ein detaljert gjennomgang av arbeidet som gjerast i kommunen kring helsefremming, førebygging, tilrettelegging og rehabilitering.

Ole Christian Heimly, hovudtillitsvald Norsk Ergoterapeutforbund  
Hilde Nordtveit, hovudtillitsvald Norsk Fysioterapeutforbund





Budsjettinnlegg høyringar.

Fagforbundet v/ HTV Øyvind Spissøy

Leiar, komite takk for at me får kome med vårt innlegg, dette setter me stor pris på, viktig å få fram korleis ståa er ute i kommunen, og kva som kjem av kommentarar til oss i forhold til konsekvensar av liggande budsjettforslag.

Fagforbundet ynskjer i dag å leggje fram same innlegg som me legg fram i alle komitear, då me er oppteken av at ein må sjå alle utfordringane når ein skal vera med på å leggja eit budsjett. Dette med å sjå heilheten er svært viktig.

Fagforbundet er som dåke sikkert allereie er klar over ikkje berre bekymra, men sterkt uroa for situasjonen ein har i RHO einingane, det er mangel på helsepersonell og det vil berre bli større utfordringar dei neste åra.

Ein ser vidare eit høgt sjukefråvær som påverkar arbeidsmiljø ute på avdelingane, men og mykje innleige av vikarar.

Arbeidspresset er stort og me har lokale tillitsvalte som er bekymra for korleis framtida skal bli. Etter kommune direktør sitt framlegg av budsjett forslag har me fått mange hendvingingar. Både av tillitsvalte og andre tilsette.

Innsparing på 30 millionar på rehabilitering, helse og omsorg er vanskeleg å sjå korleis ein skal klare. Me har brukarar ute i Stord Kommune som verkeleg treng den hjelp og støtte dei kan få. Fagforbundet tenkjer fyrst på Hamna Kontaktsenter og Lågterskel helsestasjon.

Dette er tiltak desse brukarane er heilt avhengige av. Kva skal ein ellers gjere? Kor skal ein opphalda seg? Ber dere politikara instendig om å finne midlar til å oppretthalda desse tiltaka. Det betyr alt for dei som bruker det.

Det var sterke historiar me fekk når me var på synfaring i førre veke.

Kommunedirektøren påpeikar i sitt framlegg at me står foran utfordringar i RHO med aukande eldre og mindre tilgang på arbeidskraft. Me må styrke denne sektoren og ikkje kutte. Ein har grunnbemanninglæra som er ein ulovfesta rett og som er tydeleg på at dersom ein brukar vikarar utover små periodar skal ein tilsette fleire. Eit tiltak må vera å sjå på vikarbudsjettet og bruke det til å auke grunnbemanning i fleire einingar og avdelingar.

Ved Stord Sjukeheim har Fagforbundet forstått at ein i budsjettforslaget ynskjer å sjå på å redusera nattevakt. Dette er eit heilt umogeleg kutt. Ein har endeleg fått ro og fått det til å fungera. Det er viktig å ikkje gjere om noko som endeleg fungerer godt. Me må ikkje risikera flukt frå yrket.

Det er i ny styringsplattform til koalisjonen blitt påpeika at ein ynskjer å gi private instansar tilgang til heimebaserte tenester. Fagforbundet er uroa over korleis dette vil påverka både tenester og arbeidsmiljøet i denne eininga. Me meina heilt klart at å drive tenestene våre sjølve er det beste, då har ein mogelegheit til å ha kontroll over både tilbod og dei tilsette sine arbeidsvilkår.

Etterspørsel etter heimebaserte tenester har auka dei siste åra i Stord Kommune, dette er ein følge av at det er for få institusjonsplassar. Fagforbundet ser at kommunedirektøren føreslår å auka budsjett, men auken ein legg opp til er det ein brukar i dag. Vedtakstimar er større enn den bemanninga ein har i eininga, heimebaserte må ta alle som kjem, ein kan ikkje sei nei. Det er røde tall i heimebaserte år difor bør ein auke enda meir enn det som er føreslått.

Me har mange helsefagarbeidarar som er dyktige og har god og lang kompetanse. Fagforbundet ber dere politikara leggja inn i budsjettet kompensasjon for å ta høgare utdanning, dette vil kunne gjere at helsefagarbeidaren kan ta sjukepleiar utdanning og få både jobb og kompensasjon under studiet. Refererer til Kvinnherad sin modell, ber dere sjå på denne. ( sjå vedlegg )

Å stenga bassenget ved rehabiliteringssenteret frå 2024 vil gje fleire utfordringar, det er 440 brukara som får terapibading, lovpålagt symjeopplæring, og 15 leigetakarar som brukar bassenget kvar veke, blant anna for å kunne stå i jobb sin.

Bassenget er eit viktig rehabilitering / folkehelseiltak i Stord kommune. (jf. Reforma «Bu trygt heime» og «Tid for handling» og demografisk utvikling). Fagforbundet meiner dette vil gje ei lita innsparing for eininga men auka utgifter på kort og lang sikt for andre deler av samfunnsøkonomien. Ber dere politikara å sjå på dette ein gang til.

Kommunedirektøren påpeikar i budsjettforslaget at ein skal sjå på skule og barnehage struktur i Stord Kommune. Slike store omstruktureringar vil krevje gode og trygge prosessar. Ein må sjå på alle mogelegheitane. Det er klart at når ein snakkar om å leggja ned ein skule vil dette skapa uro ute i organisasjonen for tilsette, og det som er heilt sikkert er at dette skapar stor uro

for føresette og elevane på dei ulike plassane som kan bli berørt. Det er viktig med gode og trygge prosessar i henhold til reglane i hovudavtalen, og ikkje minst tidleg og god informasjon ut i organisasjonen og dei partane som vil bli berørt.

Forslaget til kommunedirektør om trinnvis auke av hovudverneombud vil Fagforbundet stilla seg bak, det er viktig i ein så stor kommune som Stord å ha eit hovudverneombud i 100% stilling.

Å auka grunnbemanninga i barnehagen og alle andre avdelingar er eit overordna mål for Fagforbundet, me meiner at dette vil gje positiv verknad på sjukefråvær og betre arbeidsmiljø. i alle einingane våre.

Føreslege reduksjon ved eining for kultur vil få fleire uheldige konsekvensar for eininga. Kutt for lag og organisasjonar, kulturskulen, biblioteket på Nysæter og måndags og onsdags klubben vil ha store konsekvensar for dei som brukar tilbodet. Fagforbundet meiner at nedlegging av biblioteket på Nysæter Ungdomsskule ikkje er eit godt sparetiltak. Dette er ein viktig arena for ungdomskulen, barnehagane, og bebuarar i Sagvåg. Det er ikkje lenge sidan det vart teke i bruk og det viser at mange bruker dette tilbodet. Dette må framleis haldast ope.

Måndag og onsdags klubben er høgdepunktet for dei som brukar dette tilbodet, me ber om at dei også i 2024 kan nytta seg av dette tilbodet kvar veke.

Kulturhuset er ein samlingsstad for innbyggjarane i stord å for å ver ein attraktiv kommune å bu i er det viktig å ha eit godt kulturtilbod.

Einig for tekniske tenester har store etterslep i dag, og er foreslått kutta 1 mill eit av sparetiltaka er å ikkje ta inn ferievikarar til eininga, det vil sei at uteområda på alle offentlege bygg får mindre eller ikkje stell, maling av kommunale bygg må ein nedprioriter det vil føre til enda meir etterslep på vedlikehald.

Fagforbundet meiar dette ikkje er vegen å gå. Stord kommune har mange flotte bygg og dei må me ta vare på.

Me vil ynskja dåke alle lykke til med budsjett arbeidet

Takk for oss.

Øyvind Spissøy

HTV Fagforbundet

Monica Brekke Fosse

Leiar og HTV Fagforbundet

## Vedlegg

### **(kopi av Kvinnherad Kommune sin kompetanseplan direkte sitert)**

#### **6.1 Grunnutdanning vernepleie og sjukepleie**

Det er over tid etablert fylgjande praksis på støtteordningar:

Det vert gitt ei støtte på kr. 150.000 fordelt over 3 eller 4 år.

Tilsette som tar desentralisert utdanning, får tilbod om inntil 50% stilling under utdanninga. Løn etter ansiennitet og kompetanse.

Det vert lagt til rette for arbeid i Kvinnherad kommune i helgar og i feriar. Vi føreset at studentane arbeider i kommune om dei skal arbeide i tillegg til studie.

Studentar som ikkje har fått støtte tidlegare, kan søkje om støtte siste studieåret.

All støtte vil utløyse bindingstid i samsvar med gjeldande lovverk.

#### **6.2 Grunnutdanning helsefagarbeider**

For utdanning som helsefagarbeidar (praksiskandidat) er dagens praksis at det vert det gitt støtte på inntil kr.20.000 eller dokumenterte utgifter.

Partane vil setje seg saman for å finne tiltak som motiverar fleire til å ta utdanning.

Per i dag tilpassar vi turnus for å gje mulighet for dette.

#### **6.3 Etterutdanning og vidareutdanning**

Sektoren har behov for spesialkompetanse på fleire fagfelt for å kunna levere gode tenester. Dette gjeld utdanning på alle nivå.

Tiltak for å oppnå dette vert gjort gjennom årleg oppdatering av kompetanseplanen for sektoren. I planen vert det gjort kjent kva studie som vert prioritert å gje stønad til i komande år. Denne prioriteringa vert gjort ut frå sektoren sine faglege behov, både for fag –og høgskuleutdanna

Prioritering blant søkjarane vert gjort ut frå budsjett og ut frå behov og fordeling av kompetanse i sektoren. Søknadsfrist 15. februar.

[Søknadsskjema finn du her](#)



Til

Ordfører og kommunaldirektør

I Stord kommune

Dato: 13.11.2023

### **Innspel til budsjettet for året 2024.**

I forkant av kommunevalet vart det den 31. august halde folkemøte på Huglo bygdehus.

Alle parti frå og med SV - FRP stilte.

Huglo bygdelag stilte to spørsmål til politikarane.

1. Oppgradering av den kommunale kaien på Sørhuglo, vil den bli oppgradert i 2024?

Samtlige parti viste til at den var inne i investeringsplanen for året 2024 og vil bli utført.

2. Utføring av detaljreguleringsplanen for fastlandssambandet Huglo - Tysnes. Huglo bygdelag etterspør oppstart av dette arbeidet.

Samlege parti lova oppstart av arbeidet i 2024. Det vart presisert at denne planen ikkje måtte koplant til Sunfast, då kopling til Sunfast vil senka utføring av detaljreguleringsplanen for sambandet Huglo - Tysnes.

Huglo Bygdelag reknar med at dei folkevalde held det dei har lova.

Både punkta er av svært stor betydning for samfunnet på Huglo.

Huglo Bygdelag har jamleg tatt desse to punkta opp mot dei politiske partia i Stord kommune. Tiltak er heilt naudsynte for å få til ei positivt utvikling av samfunnet på Huglo, både for busetnad og næringsutvikling.

Med helsing

  
Huglo Bygdelag

v/ Sigurd Huglen

Leiar.